




Lom kommune

Informasjon frå Lom kommune

Årsmelding 2006

Fulldistribusjon



Ekte og eigenarta

Ordføraren har ordet	s.	2
Administrasjonssjefen	s.	3
Utviklingstrekk 2006	s.	4
Politikk og saker	s.	7
Organisasjonen	s.	8
Økonomi	s.	11
Tenesteområda	s.	20
- Støttefunksjonen	s.	20
- Skule	s.	25
- Barnehage	s.	27
- Miljø, teknisk, næring	s.	29
- Kultur og informasjon	s.	33
- Helse og velferd	s.	34
- Omsorg i institusjon	s.	39
- Omsorg heime	s.	42



Lom kommune
Midtgard
2686 Lom
Telefon: 6121 7300
Faks: 6121 7301
Epost: post@lom.kommune.no
<http://www.lom.kommune.no>

Årsmelding 2006

Her har du årsmeldinga for 2006 frå Lom kommune. Årsmeldinga har ny utsjånad, men innhaldet er om lag som tidlegare år.

I innleiinga finn du kommentarar frå ordførar Simen Bjørgen og frå administrasjonssjef Ola Helstad, i tillegg til ei oppsummering av hendingar og utviklingstrekk i 2006.

I dei neste kapitla skriv vi om politiske saker i 2006 (kapittel 2), om personalsituasjonen og organisasjonen (kapittel 3) og om økonomien i Lom kommune (kapittel 4).

Siste kapitlet (kapittel 5) er det mest omfattande, og her finn du ein detaljert gjennomgang av dei enkelte tenesteområda i kommunen.

Les meir på vår nettstad

Under gir vi att ein av artiklane frå heimesida vår frå 2006.

Om du er interessert i artiklane på heimesida kan du klikka deg inn på:

<http://www.lom.kommune.no>.

Her har vi lagt inn nyhende i eit nyhendearkviv, ordna etter år og månad.

The screenshot shows the Lom kommune website homepage. At the top, there's a banner with a blue background and white text. Below the banner, there's a navigation menu with links like 'Organisasjon', 'Politiske saker', 'Om Lom', 'Næringsliv', etc. The main content area features a large image of two people in a snowy landscape. To the left, there's a sidebar with a 'Nyheitsarkiv' section containing links to news from 2003-2007, 'Arkiv arrangement', 'Servicetorget i Lom kommune', and 'Småsamfunnssatsing'. The main article is titled 'Mykje leik og mykje moro.' and is dated 21.08.2006. It includes a photo of a child climbing a tree. Another photo shows four children standing together. The right side of the page has a sidebar with links to 'Kart over nettstaden', 'Nyhetsbrev frå Lom', 'Innbetaling av Skatt - Beregning av KID', 'Pressemeldinger', 'Tenester', 'Nyttig: Vær, veg, kart mm.', 'Ledege stillinger', 'Annonser', 'Kontakt oss', and 'Webkamera'.

1 Innleiing

1.1 Ordførar Simen Bjørgen sine kommentarar

2006 har vore eit viktig år for Lom kommune. Gjennom året har vi fått på plass mange tiltak og visjonar som vil vere med å bygge framtidsbygda vår.

Vi har lov til å vere stolte av det som har skjedd i Lom kommune dei siste åra. Lom er plukka ut som ein pilotkommune i Kommunal- og regionaldepartementet si særskilde satsing på småsamfunn. Dette opnar store moglegheiter både for vår kommune, men også for regionen vi tilhører.

Desentraliserte tilbod

Nye tilbod ved Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skule avd Lom, som desentralisert førarkortopplæring og desentralisert lokal opplæring i samarbeid med næringslivet, er nyhende som vil styrke skulestaden framover. Dette er sær gledeleg.

Investeringar i Lom kommune

Brukaran av kommunale tenester har fått større påverknad på korleis tenestene vert utforma og levert. Vi lyttar aktivt til dei råd som vi får.

Vi hoyrer nøyne på signal frå våre dyktige medarbeidarar.

Vi har gjennomført store investeringar i bygg og anlegg innanfor dei avsette økonomiske rammene, og vi søker stadig å utvikla innhaldet i tenestene kommunen leverer innan alle område.

I Lom er det stadig nye etableringar og betydeleg utvikling av eksisterande næringsliv. Vi har fått vesentleg betra rammevilkåra frå Staten. Og regjeringa ventar at vi set midlane inn i styrka tenesteproduksjon, slik vi har gjort i Lom.

Utvikling og nytenking

Lom vert no ofte omtala som ei av dei mest utviklingsorienterte kommunane i heile landet. Vi aktar ikkje å slå oss til ro med dette. Eg meiner at innbyggjarane i Lom vil vere tente med ein kommune som har ei offensiv tilnærming til nytenking. Ei framleis positiv utvikling i Lom er også heilt avhengig av ei

positiv og inkluderande haldning til å ta imot nye innbyggjarar, nye verksemder og nye impulsar. Gjestfridom vert framleis eit viktig omgrep, på alle måtar.

Open kultur

Eg er også av dei som ser ein stor verdi i at vi har opne og direkte liner mellom folkevalde, kommuneadministrasjon, innbyggjarar og samarbeidspartar. Ein slik open kultur er viktig alt i dag, men eg vonar den også vil prege kommunen i endå sterkare grad framover. 2007 vil bli eit år med nye utfordringar. Kommunen vil få ein del nye folkevalde i og med at dette er eit valår. Som politikarar skal vi no opp til eksamen. Eg trur, trass i det som måtte skje, at det viktigaste er å bygge framtidsbygda vår vidare: Ei omsorgsfull og skapande bygd. Ein inspirerande stad der folk lever gode og spanande liv og nyttar folkestyret.

Nye utfordringar

Året vil også bli prega av vidare omstilling og utviklingsarbeid. Det ligg ei vesentleg utfordring i å heile tida leite etter forbetringar. Våre kundar, som i hovudsak er våre eigne innbyggjarar, vil forventa betre service, raskare behandling og høgare kvalitet på tenestene. Det er kommunen sitt viktigaste mål og etterkoma desse forventningane så langt som vi maktar.

Eg vil takke alle medarbeidarar, folkevalde og andre samarbeidspartar for eit svært godt samarbeid i 2006, og ser fram til nye utfordringar i 2007.

Simen Bjørgen
ordførar



Ordførar Simen Bjørgen



Administrasjonssjef
Ola Helstad

1.2 Administrasjonssjef Ola Helstad sine kommentarar

Eit driftsår med mange utfordringar og spanande prosessar ligg bak oss. 2006 var første driftsår med ny administrativ organisering. Målsetjinga har mellom anna vore å legge til rette eit tenesteapparat som er tilgjengeleg, oversiktleg og handlekraftig. Samstundes skal ein ha fokus på rutinar og formalkrav kommunen er pålagt. Det er mi oppfatning at kommunen har imøtekome dette på ein god måte. Nemnde utfordringar er likevel eit forbetningsarbeid som aldri tek slutt. Nye krav og forventningar frå fleire hald underbygger dette og gjer kommunal verksemد spanande og utviklande!

Tre krav

For å møta utfordringane har leiargruppa etablert tre krav til åferd: Offensiv – inkluderande – løysingsorientert. Målet med krava er at kommunen skal stå fram som attraktiv og positiv. Med bakgrunn i driftsåret 2006 kan vi på fleire område vise til at kommunen har vore offensiv og synleg utanom eiga kommunegrense. Dette er utfordrande for ein organisasjon som i tillegg til å etablere gjennomføringskapasitet og motivasjon, og skal ha fokus på dagleg drift. Det er derfor hyggeleg å få attendemeldingar frå sentrale samarbeidspartnarar om at vi blir lagt merke til med positivt forteikn.

System for styringsinformasjon

For vidareutvikling av kommunen er det viktig å skaffe fram dokumentasjon som klargjer situasjonen. Vi har derfor etablert balansert målstyring. Det gjev oss relevant attendemelding på viktige område, som i neste omgang gjev folkevalde, kommuneleiring og medarbeidarar betre føresetnadar til å gjera dei rette vala. Frå 2007 er det avklara tre dimensjonar som skal evaluerast. Dei er brukarar, medarbeidarar og økonomi. I budsjettvedtaket for 2007 har kommunestyret slutta seg til konkrete målsetjingar på viktige område. Konsekvensen av dette er at vi nå gjennomfører regelmessige brukarundersøkingar. I dette ligg det derfor ei oppmoding til brukarar og medarbeidarar om å svare på undersøkingane som blir sende ut.

Positivt driftsresultat

Det økonomiske driftsresultatet er positivt, og viser ei forbetering i høve til tidlegare år. I tillegg til at budsjettdisiplinen i kommunen har vore god, må og forbetra økonomiske ramevilkår frå staten nemnast. Men det er viktig å ha med seg at det er i gode tider ein bygger for å møte dårlige tider. For kommunen betyr det at vi må vera i stand til å bygge opp reserver til å møte ein strammare økonomisk kvardag. Endra ramevilkår, ytterlegare renteoppgang og reduserte kraftinntekter er døme på avgjerande område for økonomien i kommunen. Driftssituasjonen må derfor følgjast nøy.

Flaumskredet i Garmo

Ein kan ikkje legge fram årsmelding for 2006 utan å nemne flaumskredet i Garmo i slutten av juli. Eit massivt nedbørsfelt vart liggande roleg og ført til flaumskred over fleire eigedommar og vegar, heldigvis utan skader på menneske. Samstundes ført hendinga til både akutte og meir langsiktige utfordringar for dei som vart råka. Det seier seg sjølv at t.d. istrandsetjing av eigedommar og arbeid med etterverknader av det den enkelte har vore gjennom, var vanskeleg. Kommunen etablerte kriseteaming i akuttfasa. Kriseteam vart etablert for å hjelpe dei berørte. Det er mi oppfatning at situasjonen vart handtert på ein god måte av kommunen! Eg vil takke våre beredskapsorienterte medarbeidarar spesielt for den gode innsatsen som vart gjort både enkeltvis og i team i samband med hendinga! Administrasjonssjefen vil nytte høvet til å takke dei tilsette og dei folkevalde for godt utført arbeid i 2006!

Ola Helstad
administrasjonssjef

1.3 Hendingar og utviklingstrekk i 2006

1.3.1 Flaumskredet i Garmo sundag 30. juli 2006

Det vart dramatisk for folk i Byregrenda i Lom i går kveld. Vatnet flomma ned fjellsida og tok med seg store mengder lausmassar og tre. Hus var truga og ras sperra Rv 15 fleire stader. Folk måtte evakuere området så raskt som råd.

Slik var starten på ein artikkel på vår heimeside 31. juli 2006. Det kraftige regnvêret sundag 30. juli, resulterte i flaumskred, og var ei sers dramatisk hending i fjor. Raset råka mange, både i Lom og i Vågå, og det vart store materielle skader. No i ettertid må vi berre vere glade for at ikkje liv gjekk tapt.

Her er utdrag frå to av artiklane om hendinga: Når vi kjem til Byregrenda i dag møter vi dei to naboane, Kristian Byre og Stig Byrøygard, som er ute for å sjå på skadane. Og det er dramatisk det vi får sjå og det dei kan fortelje.

Rismark

Stig Byrøygard står framom garden sin og ser ut på ein del av jordet.

- Her kan eg no plante ris, seier Byrøygard. Det er tydeleg at litt humor er det som trengs no, for i går kveld var det dramatisk då raset kom ned fjellsida og truga garden.
- Eg hørde bråk om lag som torver, og såg raset som kom nedover, fortel Byrøygard, og held fram med at det berre var å få med seg kona og borna og kome seg derfrå så fort som råd. Det vil ta tid å få vekk alt vatnet og lausmassane frå jordet, seier Byrøygard.

Straumlaust

Vegen (Rv 15) er sperra fleire stader, og det vil heilt klart ta tid å få vegen open att.

- Eg kom med traktor og kom med naud og neppe unna raset, kan Kristian Byre fortelje. Eg såg og ein grå bil på riksvegen som så vidt greidde å svinge unna og slik gjekk klar av raset.

Torevêret og raset har slått ut straumforsyninga i grenda. Når straumen kjem att, veit ingen akkurat no, for ein transformator er råka av lynet, og leidningar og stolpar er brotne ned av ras.

- Vatnet har grave opp ein del av potetene, så når straumen berre kjem att, kan vi ete eigne poteter som er ferdig tatt opp, seier Kristian Byre. Også han finn trøyst i humor i denne situasjonen. For elles er det ille nok.

Sterke inntrykk

Vi har vore 25 - 30 år i faget, og det som har skjedd her i Lom, har gjort sterkt inntrykk.

Det sa Krister Kristensen og Frode Sandersen, geologar frå NGI (Noregs Geotekniske Institutt), på eit informasjonsmøte etter raset. Det vi har sett her er eit flaumskred som kan løysast ut av mellom anna store mengder nedbør.

Norsk rekord i nedbør

Området fekk ei monsterutgåve av torevêr, og det flytta seg ikkje, regnet heldt seg på same plassen i to til tre timer. Slik vart det noregsrekord i nedbør, seier Kristensen og Sandersen.

Uoffisielle målingar tyder på at det kom opp til 200mm nedbør i løpet av to til tre timer sist sundag, og det ekstreme regnet utløyste alle rasa. Meteorologar har rekna seg fram til at det kan gå 200-600 år mellom kvar gong vårt område får 75mm nedbør i løpet av eit døgn. Sist sundag fekk vi altså om lag 200mm på nokre timer.

Ros til Lom kommune

Krister Kristensen kom med ros til Lom kommune og redningsinnsatsen.

- Eg har opplevd mange liknande situasjonar med ras rundt omkring i landet, men her har redningsfolk og kriselening gjort ein særskild innsats. Eg vil gje ros til ordføraren og alle andre som har gjort ein kjempeinnsats, seier Kristensen etter at informasjonsmøtet var ferdig i går kveld.



Stig Byrøygard (t.v.) og Kristian Byre er fortvila over skadane etter raset.



Jordet framfor garden til Stig Byrøygard kan, etter raset, best samanliknast med ei rismark.

Med løyve frå NGI viser vi nokre flyfoto tatt rett etter raset. Du finn biletak i biletarkivet på vår heimeside:

<http://www.lom.kommune.no>

1.3.2 Høyningsseminar om ny regionalmelding

Kommunal- og regionaldepartementet (KRD) inviterte i april 2006 til høyring i samband med arbeidet med ny regionalmelding. Høyringa var lagt til Fjellmuseet i Lom.

Tysdag 18. april var det unge etablerarar og elevar frå ungdomsverksemder som var i dialog med departementet om næringsutvikling. Onsdag 19. april fekk kulturprodusentar frå opplevingsnæringa sleppe til.

Statsråd Åslaug Haga måtte melde avbod på grunn av sjukdom, så den politiske leiunga i departementet var representert ved statssekretær Inge Bartnes.

- Vi har fått mange gode innspel, særleg viktig trur eg det er å hjelpe unge etablerarar

med mentorar: ein fagleg dyktig person som kan vera samtalepartnar for dei unge. Det er òg naudsynt å dokumentera betre kva kulturopplevingar har å seie for heilskapen i distrikta, meinte Bartnes.

Bartnes understreka at kultur og næring - som er avsnittet høyringa i Lom skal bidra til - blir eit viktig satsingsområde for departementet.
- Åslaug Haga har vore kulturministar, så ho veit mykje om dette emnet.

Bartnes var interessert i det tre-kommunale samarbeidet som Hamarøy, Grimstad og Lom har innleia i samband med Hamsun-jubileet i 2009.

- Vi skal fylgje godt med for å høyre korleis det går, sa han.

1.3.3 Nasjonalparklandsby og småsamfunssatsing

Lom er vald som pilotkommune i Småsamfunnsatsinga frå Kommunal- og Regionaldepartementet. Satsinga er knytt til distriktsmeldinga "Hjarte for heile landet".

Delar av nasjonalparkane Jotunheimen, Reinheimen og den nye Breheimen ligg i Lom. Kommunesenteret vert liggjande i knutepunktet mellom 3 nasjonalparkar, og vi ønskjer å bruke dei store vernekvalitetane som ledd i utviklinga av kommunen. Lom er peika ut som pilot for Nasjonalparklandsbykonseptet i regi av Direktoratet for naturforvaltning

Forprosjekt

Gjennom eit forprosjekt vil vi sjå på verkemiddel for å snu ei negativ folketalstutvikling og prøve ut enkle tiltakspakker for utnytting av lokale ressursar til næringsutvikling i kryssingspunktet mellom bruk og vern. Målet er fleire arbeidsplassar for å oppretthalde busettinga. Forprosjektet er avgrensa til eitt år, men småsamfunnsatsinga er prioritert frå regjeringa si side, og vi vonar at forprosjektet gjev grunnlag for vidare arbeid.

Viktige arbeidsoppgåver i prosjektet:

- o Utviklingsoppgåver med vekt på Distriktsmeldinga
- o Utviklingsstrategiar for fjellområda
- o Næringsutvikling
- o Tettstadsutvikling
- o Samhandling med høgskule- og forskarmiljø
- o Samarbeid med organisasjonar og personar frå privat næringsliv

Kommentarar frå ordføraren

- Det er både spanande og utfordrande at Lom kommune får delta i dette pilotprosjektet, seier ordførar i Lom, Simen Bjørgen, og legg vekt på at det må til ei god forankring av prosjektet i heile bygda.
- Kommuneplanprosessen som er sett i gang, vert fyrste høvet til å gå grundigare inn på dei ambisjonar Lom måtte ha for å utvikle Fossbergom som nasjonalparklandsby.

1.3.4 Kommuneplan - Lom mot 2020

Kommunestyret vedtok i april rammer for kommuneplanarbeidet.

I kommuneplanen vert dei viktigaste utviklingstrekkene i kommunen sett på, og politikarane skal peike på tiltak og satsingar som kan bidra til å utvikla eit levande lokalsamfunn.

I denne prosessen har det kome fram forslag til 4 nye visjonar:

- * Lom - ei kjelde for framtida
- * Lom - gjestfri og nyskapande
- * Lom - toppen av Noreg
- * Lom - på topp

Gjeldande kommuneplan er frå 1995. Den byggjer på visjonen frå profileringssværtaket om Lom- eit nasjonalt senter for natur og kultur. Natur og kulturminnevern er trekt fram som det viktigaste grunnlaget for utvikling av bygda.

Administrasjonen konsentrerte seg i første delen av arbeidet om å peike ut kvalitetar og utfordringar for Lom mot 2020. Seinare er det mellom anna lagt fram forslag til visjon og verdigrunnlag for det vidare arbeidet.

Formannskapet/planutvalet har utvikla desse punkta vidare, og har lagt fram

ein presentasjon som bakgrunn for ein innspelrunde. Politikarane og administrasjonen har ønskt å engasjere flest mogleg i prosessen, og har derfor invitert til grendumøte med kommuneplanen som tema.

Under finn du eit referat frå grendumøtet på Lom ungdomsskule 28. november 2006.

Mange møtte opp i auditoriet på ungdomsskulen for å få informasjon og koma med innspel til kommuneplanarbeidet tysdagkvelden.

Det var ei engasjert forsamling med mange interessante tankar, men temaet engasjerer tydelegvis ikkje dei yngre i bygda. Eit ungt innslag hadde vi heldigvis likevel: tre blide jenter frå ungdomsskulen som tok seg av serveringa!

Innspela femna om eit breitt spekter, men alle var opptekne av næringsutvikling og natur. Rydding var eit sentralt tema, og her var det både det å oppretthalde det opne kulturlandskapet og det å fjerne gammalt skrot og ubrukta gjenstandar som vart framheva som viktige tiltak. Vidare var merking av turvegar og stigar ei sak som opptok fleire, og vedlikehaldet er viktig når tilrettelegginga først er etablert.

Samferdsel var eit anna tema som engasjerte, og betre forhold for busspassasjerane vart etterlyst. Her kunne eigaren av Murgarden, Magnar Mundhjeld, raskt replisere at dette tiltaket allereie var teke fatt i.

Med den nyopprettet Reinheimen nasjonalpark tok fleire til orde for at lokalsamfunnet måtte få auka ressursar til naturforvaltning.

Byggeskikk var og mange opptekne av, og kommunen fekk klar tilbakemelding frå forsamlinga om at det var viktig å halde fast ved dei retningslinjene som Lom har vorte kjend for gjennom ei standhaftig haldning med krav til takvinkel og styrt fargebruk i fleire tiår. Det å halde på eigne kvalitetar vart framheva som viktig.

2 Politisk organisering og saker

Politiske saker 2006:

Kommunestyret	78 saker
Formannskap	172 saker
Vilt- og innlandsfiskenemnd	16 saker
Administrasjonsutval	3 saker
Tilsettingsutval	60 saker

Budsjettutval:

Vedtak i sak Fs-29/06:

Medlemar i budsjettutvalet blir Odd Arne Kroken (leiar), Torbjørg Graffer Myrhauge, Erik Frisvold, Anne-Lise Marstein og Magnar Mundhjeld. Samrøystes.

Mandat for utvalet:

Budsjettutvalet får ansvar for å legge fram forslag til budsjett og økonomiplan for 2007 – 2010 til formannskapet.

Budsjettframlegget skal leggjast fram innan 15.10.06.

Budsjettutvalet hadde 8 møte.

Saksutval Byggeskikk og sentrumsutvikling:

Utvalet har hatt i alt 5 møte:

- 19.11.2004
- 28.06.2006
- 06.11.2006
- 11.12.2006
- 22.01.2007

Utvale har arbeidd med:

1. Planstatus og prioritert planprogram for oppdatering og utarbeiding av reguleringsplanar for tettstadene i bygda – Fossbergom, Garmo og Galdesanden/Leirmo

2. Forslag til retningsliner for byggeskikk når det gjeld:

- bustadområde/enkelbustader
- hytter
- gardsanlegg
- næringsbygg

3. Forslag til program for sentrumsutvikling på Fossbergom

- opprusting og oppgradering av tidlegare opparbeidde område
- utvikling av nye tiltak
- program for vedlikehald

4. Enkle sentrumstiltak for Garmo og Galdesanden/Leirmo

5. Andre spørsmål drøfta i saksutvalet

A. Lys i Bergomsgarden


B. Skiltvedtekter

C. Moderne bygg og forholdet til lokal byggeskikk. Utvalet har utarbeidd eigen sluttrapport.

Saksutval miljø:

Utvale har sett på miljøpolitiske utfordringar for Lom, og noko av dette vil koma att i kommuneplanen.

Utvale hadde siste møte 29. mai.



3 Personal og organisasjon

3.1 Organisering

Lom kommune tok i bruk ny administrativ organisering frå 01.01.2006. Den administrative organisasjonen har administrasjonssjef Ola Helstad som øvste leiar i kommunen. Under administrasjonssjefen er det 8 tenesteleiarar. Da stillinga som tenesteleiar for Kultur, Informasjon og Profilering vart ledig i juni, vart det bestemt å omorganisere tenestene som låg under dette område mellombels. Kulturområdet vart lagt saman med Miljø, Teknisk og Næring. Studiesenteret og informasjonsfunksjonen vart lagt under Støttefunksjonen, medan Lom Folkebibliotek vart lagt under tenesteområde Skule.

Tanken bak den nye organisasjonsforma er å få raskare avgjerder, der det i stor grad blir brukt delegasjon. Det er viktig å få avgjerdene så nær brukarane som mogleg. Det er dei forskjellige tilsette som kjenner utfordringane der ein møter brukarane. Av denne grunn ser Lom kommune det som viktig å gje dei tilsette den mynde dei må ha for å kunne utføre arbeidet sitt på ein god måte. Det blir viktig framover å utvikle organisasjonen og dei tilsette for å møte stadig større utfordringar. Det kan verke som at den vedtekne organisasjonsmodellen vil møte dei utfordringane ein ser vil koma, på ein betre måte enn ein meir sentralisert modell.

3.2 Personalpolitikk

3.2.1 Opplæring

I lom kommune si personalhandbok står fylgande som innleiing:
”Lom kommune skal vere ei leiande og effektiv servicebedrift som set brukarane i sentrum og yter dei tenestene lokalsamfunnet til ei kvar tid har behov for.”

For å imøtekoma dette er fylgande opplæring og utviklingstiltak gjennomført i 2007:

Leiaropplæring:

Jazz endringsleiing – eit utviklingsprogram i regi av KS-konsulent. Under dette utviklingsprogrammet vart desse verdiomgrepene vedtekne, saman med leiarkrav til kvart verdiomgrep:

Verdiomgrep:

Løysingsorientert

Leiarkrav:

Ser moglegheter

Ser heilskapen

Er handlekraftig

Tar initiativ

Er nytenkjande

Bygger relasjonar

Ser og involverer

Viser tillit og respekt

Stimulerer til humor

Offensiv

Inkluderande

Det er vidare gjennomført leiaropplæring i samband med utvikling av Balansert målstyring for kommunen. Tillitsvalde har delteke på både tiltaka nemnt over.

Ein tenesteleiar har delteke i opplæring i regi av Fylkesmannen i Oppland i utvikling av målsettingar, konkretisering av mål, Kostranalyse, analyse av oppnådde resultat og rapportering.

Anna opplæring:

5 personar har delteke i opplæring i sakshandsaming.

Adm.sjef, tenesteleiarar og personalkonsulent deltok på dagskurs i HMS i regi av Nord-Gudbrandsdal Bedriftshelseteneste.

8 personar har delteke i fleire kurs i Unique Økonomi- og personal

Alle brukarane av nytt saksbehandlingssystem har delteke i kurs.



Kvart tenesteområde har hatt tilsette på forskjellige kurs.

3.2.2 Sjukefråvær

Personalfunksjonen arbeider aktivt i forhold til langtidssjukefravær saman med dei forskjellige tenesteleiariane i kommunen og med NAV. Lom har IA-avtale. Oppfølgingsansvaret for dei sjukemeldte ligg på den enkelte leiar. Personalfunksjonen skal vere ein kompetanseytar og rettleiar i arbeidet med sjukefravær.

Sjukefraværet fordeler seg slik i 2006:

1 - 16 dagar:	2,70%
17 - 40 dagar:	1,50%
Meir 40 dagar:	1,80%
Totalt sjukefravær:	6,00%



Sjukefravær frå 1997 til 2005 (Dagar)

3.2.3 Likestilling

Likestilling har høg prioritet i Lom kommune. Det er fleire måtar å sjå på likestilling på. Bl.a. er det utarbeidd ein landsomfattande indeks av SSB, som måler likestilling for den enkelte kommune. Denne indeksen måler følgande: talet på kvinner i kommunestyra, barnehagedekning, utdanningsnivået, kvinner i

arbeidsstyrken, løn med fleire faktorar. Kvinnedelen i Lom kommune var 79,3 % i 2006, mot 81,9 % for 2005. Det er mange deltidstilsette, men gjennom 2006 har det vore arbeidd aktivt for å auke stillingsstorleikane for å koma både tilsette og arbeidsgjevar sine ynskje i møte.

Lom kommune	Kvinner		Menn		Totalt	
		Prosent		Prosent		Prosent
Støttefunksjonen	10	55,6 %	8	44,4 %	18	5,6 %
Skule	50	63,3 %	29	36,7 %	79	24,8 %
Barnehage	27	93,1 %	2	6,9 %	29	9,1 %
Miljø, Teknisk, Næring	16	50,0 %	16	50,0 %	32	10,0 %
Kultur, Informasjon, profilering	4	80,0 %	1	20,0 %	5	1,6 %
Helse og Velferd	25	89,3 %	3	10,7 %	28	8,8 %
Institusjonsbasert omsorg	69	97,2 %	2	2,8 %	71	22,3 %
Heimebasert omsorg	52	91,2 %	5	8,8 %	57	17,9 %
<i>Sum tilsette</i>	<i>253</i>	<i>79,3 %</i>	<i>66</i>	<i>20,7 %</i>	<i>319</i>	<i>100,0 %</i>

3.2.4 Systematisk arbeid for helse, miljø og sikkerheit

Lom kommune skal gjennomføre vernerundar innan 01. mai på alle tenesteområda.

Vernerundar vart gjennomført som planlagt. Resultatet frå vernerundane blei samla og oversendt medlemane i Arbeidsmiljøutvalet.

Etter gjennomføring av ny organisering og gjennomføring av vernerundane i 2006, vart organisering av verneområda drøfta med verneomboda. Det vart fremja sak om ny organisering av vernetenesta, der verneområda i vesentleg grad fylger den administrative organiseringa.

3.2.5 Fysak

Fysak-gruppa arbeider aktivt med tiltak, og for tilsette i Lom kommune. Tiltak som blir organisert av Fysak er bl.a. dette: bassengtrening, rabattavtale med Fossberg Trim og Trivsel med subsidiering av årskort, dagsturar med fleire aktivitetar.

Under Oppland Fylkeskommune si FYSAK-samling på Lillehammer 6.desember 2006 vart Lom kommune kåra som vinnar av "Aksjon Turmål" i samband med markeringa av friluftslivets år 2005. Kommunen fekk kr. 10 000,- for oppfølging av si satsing på friluftsliv.

3.2.6 Tillitsvalde

Dei sentrale partar i kommunesektoren har i år kome fram til eit felles forord til Hovudavtalen. Det er fyste gang at partane har einast om eit slikt forord. Det blir lagt vekt på at dette er alle partar sitt forord. Avtala skal sikre og leggja til rette for gode prosessar mellom partane, der utvikling av kvalitatittiv gode tenester er det viktige. Partane skal leggja vekt på å vera løysningsorienterte. Det er avgjerande at tillitsvalde og deira organisasjonar blir involvert så tidleg som

mogleg. Gode tenester legg til grunn gode prosessar med dei tillitsvalde. Dette er eit utgangspunkt som passar godt inn i Lom kommune sine verdiomgrep og leiarkrav.

I Lom kommune er det 10 forskjellige arbeidstakerorganisasjonar med 8 hovudtillitsvalde med kontakt mot kommunen sentralt. Dei største organisasjonane er Fagforbundet, Kommunalansattes Fellesorganisasjon, Utdanningsforbundet og Norsk Sjukepleiarforbund.

4 Økonomisk oversyn


4.1 Økonomi

Lom kommune sin rekneskap for 2006 viser eit netto positivt driftsresultat på 11,3 millionar kroner. Dette svarar til 7,5 % av brutto driftsinntekter. Det er tilrådd at netto driftsresultat bør vera på minimum 3 % av brutto driftsinntekter. Årsaka til det gode resultatet er bl.a. godskrivingar frå pensjonsfondet og momskompensasjon. Ser


ein på brutto driftsresultat for 2006, så er dette negativt med 0,7 millionar kroner.

Lom kommune har store finansinntekter i utbytte frå AS Eidefoss, som gjev eit godt netto driftsresultat. I 2005 var netto driftsresultatet på 6,1 millionar kroner mot 11,3 millionar kroner i 2006.

	2 002	2 003	2 004	2005	2006
Sum driftsinntekter	116.106.566	119.629.765	129.534.529	133.671.618	150.050.000
Sum driftsutgifter	120.033.282	117.974.194	129.536.903	135.690.826	150.779.000



Utvikling av netto driftsresultat frå 2002 til 2006



Tabellen til venstre syner driftsinntektene mot driftsutgiftene. Resultatet av finantransaksjonane kjem i tillegg.

Økonomisk oversyn

4.1.1 Driftsrekneskapen

DRIFTSREKNEKAPEN 2006					
	2006		Avvik	2005	Endring
	Virk.	bud	bud	Virk.	05-06
Driftsinntekter					
Brukarkbetaling	5 692	5 987	-295	6 127	-435
Andre sals- og leigeinntekter	21 697	11 150	10 547	11 113	10 584
Overføringer med krav til motyting	29 420	23 696	5 725	30 057	-636
Rametilskot	44 841	42 943	1 898	36 985	7 856
Andre statlege overføringer	1 573	980	593	1 853	-280
Andre overføringer	1 466	6 728	-5 262	4 968	-3 502
Skatt på inntekt og formue	37 159	36 833	326	35 535	1 624
Eigedomsskatt	2 258	2 229	29	1 536	722
Andre direkte og indirekte skattar	5 942	5 800	142	5 498	444
Sum driftsinntekter	150 050	136 346	13 703	133 672	16 377
Driftsutgifter					
Lønsutgifter	79 499	77 397	2 102	73 799	5 700
Sosiale utgifter	16 884	20 393	-3 510	18 536	-1 653
Kjøp av varer og tenester som inngår i tenesteproduksjon	24 102	23 376	725	21 814	2 287
Kjøp av tenester som erstatter tenesteproduksjon	13 077	9 940	3 136	9 017	4 059
Overføringer	12 090	7 703	4 387	8 718	3 372
Avskrivningar	6 865	6 867	-2	4 810	2 055
Fordelte utgifter	-1 738	-1 592	-145	-1 004	-733
Sum driftsutgifter	150 779	144 084	6 693	135 690	15 087
Brutto driftsresultat	-729	-7 738	7 010	-2 018	1 290
Finansinntekter					
Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	12 395	11 351	1 044	9 807	2 588
Mottekne avdrag på utlån	2 309	2 450	-141	437	1 872
Sum eksterne finansinntekter	14 704	13 801	903	10 244	4 460
Finansutgifter					
Renteutgifter, provisjonar og andre fin.utg.	3 598	3 318	280	2 423	1 175
Avdragsutgifter	5 722	5 655	67	3 263	2 459
Utlån	189	180	9	1 211	-1 022
Sum eksterne finansutgifter	9 509	9 153	356	6 897	2 612
Resultat eksterne finantransaksjonar	5 195	4 649	547	3 347	1 848
Motpost avskrivningar	6 865	6 867	-2	4 809	2 056
Netto driftsresultat	11 331	3 778	7 555	6 139	5 194
Netto driftsresultat i % av driftsinntekter	7,55%	2,77%		4,59%	

4.1.2 Inntekter - Avviksmelding

Andre sals- og leieinntekter har ei stor auke i forhold til budsjettet og i forhold til rekneskapen for 2005. Avviket er på kr. 10,5 millionar. Årsaka til dette er endring i rekneskapsføring av kraftinntekter. Tidlegare har inntektene vore ført saman med kraftkjøpet og dermed kome på ein

annan konto i rekneskapen. Inntektsførte kraftinntekter er på kr. 10.243.000.

Posten ”Overføringer med krav til motyting” har eit positivt avvik i forhold til budsjett med kr. 6,6 millionar, medan avviket i forhold til rekneskapen for 2005 var eit positivt avvik på kr. 0,1 millionar.

Det positive avviket i forhold til budsjettet er øyremerka tilskot med kr. 1,8 millionar, momskompensasjon er budsjettet med kr. 4,7 millionar, medan ein for 2006 fekk i underkant av kr. 7,8 millionar og refusjon fødselpengar fikk eit positivt avvik på kr. 1,0 millionar.

Avviket i posten ”Fødselpengar” på kr. 1,0 millionar må ein sjå saman med lønsutgiftene for 2006. Momskompenasjon må ein sjå saman med rameoverføringerane komande år. Får vi ein nedgang i investeringstakta, kan dei høge beløpa i motteke momskompensasjon føre til reduserte rameoverføringer i seinare år.

Rameoverføringerane vart i 2006 på kr. 44,8 mill mot i 2005 på kr. 37,0 mill. Dette er ei auke på kr 7,8 mill. I forhold til budsjettet var det eit positivt avvik på kr. 1,9 mill. Auke i forhold til budsjettet kjem frå auka inntektsutjamningstilskot. Statlege rameoverføringer hadde ein auke i forhold til 2005 på kr. 5,2 mill, inntektsutjamningstilskot

4.1.3 Driftsutgifter - Avviksmelding

Løn

Posten løn hadde eit avvik på kr. 2,1 millionar over budsjettet og kr. 5,7 millionar over rekneskapen for 2005.

Reine lønspostar har ein auke på kr. 0,3 millionar samanlikna med budsjettet. Denne posten må vi sjå saman med refusjon sjukepengar og refusjon fødselpengar. Dei største avvika innan lønsområdet har vi på postane ”avtalefesta tillegg”. Her er avviket kr. 1,8 millionar. På desse postane var det ein vesentleg auke i dei sentrale lønsoppgjera våren 2006. Det er den viktigaste årsaka til auken. Dette blir stadfesta ved at avviket i rekneskapen frå 2005 til 2006 har eit høgare avvik. Dei sosiale utgiftene var budsjettet med kr. 20,4 millionar og rekneskapen for denne posten vart kr. 16,9 millionar, eit positivt avvik på 3,5 millionar. Kr. 3,0 millionar av dette avviket kjem frå lågare rekneskapsførte pensjonsutgifter.

Avtalefesta pensjon har ei utgift som ligg kr. 0,5 millionar over budsjettet, medan arbeidsgjevaravgifta har ei lågare utgift på kr. 1,0 millionar. Ulykkes- og gruppelivsforsikringane hadde ein auka utgift på kr. 77.000.

Kjøp av varer og tenester som går inn i

hadde ein auke på kr. 2,2 mill, selskapsskatt ein reduksjon på kr. 0,3 mill og skjønstilskot ein auke på kr. 0,7 mill.

Den negative differansen i posten ”Andre overføringer” på ca. kr. 3,5 millionar i forhold til 2005 og kr. 5,3 millionar i forhold til budsjettet, heng saman med at kraftinntektene er bokført under andre grupper nå enn tidlegare.

Posten ”Skatt på inntekt og formue” saman med naturressursskatt som ligg under posten ”andre direkte og indirekte skattar”, har ein auke på kr. 1,6 mill, som er det same som auken i skatteinngang frå 2005 – 2006 på 5,4 %.

Eigedomsskatten ligg på same nivå som budsjettet, men har ein auke frå 2005 på kr. 0,7 mill. Det var høge straumprisar i 2006, noko som avspeglar høgt grunnlag på eigedomsskatten.

tenesteproduksjonen

Dette er ein stor post samansett av mange forskjellige kontorar. Avvika kjem difor av mange mindre postar med meir- og mindreforbruk. Av postar med større avvik kan nemnast:

Meirforbruk:

- Medisin kr. 105.000
 - Medisinsk forbruksmateriell kr. 170.000
 - Kjøp av matvarer kr. 151.000
 - Andre driftsutgifter kr. 199.000
 - Annonsar kunngjeringar kr. 165.000
 - Honorar kr. 165.000
 - Straumutgifter kr. 351.000
 - Husleige Midtgard kr. 144.000
 - Vedlikehald bygg kr. 263.000
 - Vedlikehald vegar kr. 115.000
- Meirforbruket under posten husleige skuldast blant anna at det har vore for lite fakturert husleige tidlegare år. Dette vart fakturert i desember 2007. Auken i straumutgiftene er eit uttrykk for den generelle prisnivået i straummarknaden i 2006.

Mindreforbruk:

- EDB-utstyr kr. 210.000
- Diverse leasing kr. 100.000
- Konsulentar/juridisk kr. 123.000

Kjøp av tenester som erstattar tenesteproduksjon

Under denne posten er kjøp av tenester frå andre kommunar rekneskapsført.

Den største årsaka til avviket på kr. 3.266.000 i forhold til budsjettet er kontoen ”avregning konsesjonskraft”. Denne

posten må ein sjå saman med kraftinntektene. Tidlegare kom transaksjonar frå konsesjonskraft berre som inntekt. Beløpet for ”avregning konsesjonskraft” er på kr. 3.992.000. Når ein tek omsyn til utgifta til konsesjonskraft har denne posten totalt ei innsparing på kr. 729.000.

4.1.4 Finanspostar

Finansinntekter

Under posten finansinntekter er aksjeutbytte bokført. Utbytte frå AS Eidefoss er bokført med kr. 8.606.000. Totalt aksjeutbytte er bokført med kr. 8.639.000 mot eit budsjett på kr. 8.630.000.

Ordinært budsjett for 2006 hadde eit budsjett på kr. 6.030.000 for denne inntektposten. I 2005 var aksjeutbyttet på kr. 6.990.000.

Renteinntekter har eit positivt avvik på kr. 1,0 mill. Mykje av dette kjem av auke i rentenivået i 2006.

Avdrag på lån har eit negativt avvik på kr. 141.000, der 100.000 er på grunn av mindre innbetalt til næringsfondet og heimfallsfondet,

resten kjem frå sosiallån.

Finansutgifter

Totalt avvik i forhold til budsjett på denne posten er kr. 0,4 mill i meirutgift. Gjennom året fekk vi ein auke i rentenivået gjennom fleire vedtak i Noregs Bank. Eit større avvik vart unngått ved at ein trekte ut i tid opptak av nye lån som skulle finansiere investeringane i 2006.

Renteutgiftene auka med 1.175.000 frå 2005 til 2006.

Avdragsutgiftene i 2006 hadde totalt eit avvik på kr. 67.000 i forhold til budsjett.

Avdragsutgiftene auka med kr. 2.459.000 frå 2005.

4.1.5 Investeringsrekneskapen

INVESTERINGAR	2006
FELLES EDB-DRIFT	823
PED. UTVIKLINGSARBEID KJØP AV MASKINAR	968
SKULELOKALE LOM U-SKULE	16166
INSTITUSJONSPLASSAR	733
OMSORGSBUSTADER	994
HUSNEMNDA	534
KARTVERK	140
UTBYGGING BUSTADER	2468
EGGJALIA INDUSTRIBYGG	923
UTLEIGEBYGG-LIA	54
KOMMUNALE VEGAR FOSSBERGOM	176
SENTRUMSTILTAK	235
LEIRMO VASSVERK, PRODUKSJON	209
HAMROM VANNVERK, PRODUKSJON	36
FOSSBERGOM RENSEANLEGG, AVLAUPSRENSING	5743
T O T A L T	30202

4.1.6 Balanserekneskapen

BALANSEREKNESKAPEN		
	2 006	2 005
EIGENDELER		
Anleggsmidlar	390 586 201	363 342 118
Av dette:		
Faste eigedommar og anlegg	226 625 393	209 295 068
Udstyr, maskinar og transportmiddel	4 123 431	2 728 279
Utlån	39 016 012	39 390 586
Aksjar og andeler	5 794 793	6 346 552
Pensjonsmidlar	115 026 572	105 581 633
Omløpsmidlar	83 985 600	93 948 734
Av dette:		
Kortsiktige fordringar	23 019 384	9 991 557
Premieavvik	479 217	0
Aksjar og andeler	0	0
Sertifikat	0	0
Obligasjonar	0	0
Kasse, postgiro, bankinnskot	60 486 999	83 957 177
SUM EIGENDELAR	474 571 801	457 290 852
EIGENKAPITAL OG GJELD		
Eigenkapital	186 314 610	180 220 102
Av dette:		
Dispositionsfond	8 558 430	10 106 825
Bundne driftsfond	17 629 412	19 899 495
Ubundne investeringsfond	9 469 698	13 250 703
Bundne investeringsfond	3 134 742	1 824 578
Rekneskapsmessig mindreforbruk	8 711 933	2 746 649
Rekneskapsmessig meirforbruk	0	0
Udisponert i inv.rekneskap	0	0
Udekkja i inv.rekneskap	0	0
Likviditetsreserve	3 819 747	3 819 747
Kapitalkonto	134 990 648	128 572 104
Langsiktig gjeld	258 520 248	252 408 274
Av dette:		
Pensjonsforpliktingar	147 574 826	137 140 559
“Ihendehaverobligasjonslån”	0	0
Sertifikatlån	0	0
Andre lån	110 945 422	115 267 715
Kortsiktig gjeld	29 736 942	24 662 476
Av dette:		
Kassekredittlån	0	0
Anna kortsiktig gjeld	29 736 942	22 965 733
Premieavvik	0	1 696 743
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD	474 571 801	457 290 852

4.1.7 Arbeidskapital

Arbeidskapitalen er differansen mellom kortsiktig gjeld og omløpsmidlar, og seier noko om kommunen sin likvide situasjon. Ved utgangen av 2006 hadde kommunen omløpsmidlar på til sammen kr. 84,0 millionar mot kr. 94,0 millionar ved utgangen av 2005. Kortsiktig gjeld var ved utgangen av 2006 på

kr. 29,7 millionar og pr. 31.12.05 på kr. 24,7 millionar. Nedgangen i 2006 skuldast utsetting av opptak av nye lån i samband med dei investeringane som vart gjort gjennom året. Dermed vart likvide midlar i form av bankinnskot brukt til investeringar.

4.1.8 Langsiktig gjeld og pensjonsforpliktingar

Det er gjort store investeringar i 2006, som gjennom budsjettvedtaket for året, er bestemt skal finansierast gjennom opptak av lån. Det vil bli teke opp lån på kr. 21,5. millionar. Desse låna blir tekne opp med bunden rente til 5 % over 5 år. Etter balanse er lånegjelda auka med kr. 6,1 millionar. Lånet på kr. 21,5

millionar er teke opp rett etter årsskifte og bør takast med i vurdering av lánegjelda for året 2006. Av den langsiktige lánegjelda utgjer pensjonsforpliktingane kr. 147,6 millionar. Oppstillinga under viser utviklinga i langsiktig gjeld.

	2002	2003	2004	2005	2006
Total langsiktig gjeld	147 983 000	100 328 000	113 018 000	252 408 000	258 520 000
Av dette er pensjonsforpliktingar		0	0	137 141 000	147 575 000


Oppstillingane nedafor viser utvikling i eigenkapital og lánegjeld. Tabellane viser korleis kommunen sin eide dom er finansiert med gjeld og eigenkapital (fond). Eigenkapitalen har ein svak nedgang frå 2002,

medan vi ser ein auke i gjelda frå 2003 til utgangen av 2006. Med auke i rentenivået vil ein større del av kommunen sine inntekter bli bruk til renteutgifter og avdrag.


	2002	2003	2004	2005	2006
Eigenkapital	122694	163515	166433	180220	186315
Total kapital	290000	319515	336139	457291	474572
Langsiktig gjeld	147983	100328	113018	252408	258520

	2002	2003	2004	2005	2006
Eigenkapitalprosent	42,3 %	51,2 %	49,5 %	39,4 %	39,3 %


Udisponert forskjellige fond	2002	2003	2004	2005	2006
Bundne driftsfond	13522	16541	17103	16331	13121
Bundne investeringsfond	1547	1391	1740	1825	3135
Dispositionsfond	4067	5770	4197	5281	6059
Ubundne investeringsfond	3877	10952	6898	8651	8371
Rekneskapsmessig mindreforbruk	2213	6009	1876	2747	8712



Utvikling av arbeidskapital




Utvikling av total langsiktig gjeld



Utvikling av eigenkapitalprosent


Utvikling av kommunen sine fond



4.1.9 Kostra

KOSTRA (KOmmune- SStat – RApportering) er eit nasjonalt system for rapportering av rekneskaps- og anna styringsgrunnlag. Dei fleste kommunar følgjer reglane til KOSTRA og rapporterer inn sine data. Dette gir styringsinformasjon på eit nasjonalt plan, der kommunar kan gå inn og samanlikne


Frie inntekter i kroner pr. innbyggjar:




sine nøkkeltal med andre kommunar eller gjennomsnitt for eit fylke eller gjennomsnitt for heile landet.

Nedanfor vil du finne samanlikning mellom Lom for åra 2005 og 2006 og gjennomsnittet for Oppland og gjennomsnittet for landet utanom Oslo.


Langsiktig gjeld:




Brutto driftsresultat:




Netto lånegjeld pr. innbyggjar:



Netto driftsresultat:



Arbeidskapital, % av brutto driftsinnt.:.



4. 2 Balansert målstyring

Arbeidet med utvikling av Balansert målstyring kom i gang i 2006. Arbeidet har vore tidkrevjande, men ei samla leiargruppe ser på dette systemet som eit viktig styringssystem for Lom kommune. Nå har politisk nivå, leiargruppe og tilsette eit godt hjelpemiddel i vidare utvikling av kommunen.

Gjennom Balansert målstyring får vi sett fokus på målsettingar for både brukarar, medarbeidarar og økonomi. Det er desse 3 fokusområda som vart vald for 2007. I 2007 skal det arbeidast vidare med fokusområda ”Læring og fornying” og ”Samhandling politikk og administrasjon”.

KS-konsulent har vore leidg inn som

prosessrettleiar i utviklingsarbeidet. KS-konsulent skriv fylgande i si årsmelding om prosessen i Lom kommune:

”Lom kommune ønsket å utvikle et mer helhetlig og integrert styringssystem i kommunen. Med bistand fra KS-K valgte derfor Lom kommune å starte en prosess for å utvikle et system for en mer balansert målstyring (BMS). Administrasjonssjef Ola Helstad sier at det gamle styringssystemet ikke var godt nok fordi det hadde for utsøydelige mål og for sterkt fokus på økonomi. I det nye styringssystemet som nå er en integrert del av budsjettet, er det i tillegg lagt inn dimensjoner for å måle brukertilfredshet, medarbeidertilfredshet og objektiv

tjenestekvalitet på samtlige tjenesteområder. Ordfører Simen Bjørgen sier at det nye styringssystemet gir muligheten for en helt ny styringsdialog mellom politikk og administrasjon. Parallelt med dette arbeidet har KS-K bistått Lom kommune med utvikling av en ny samfunnssdel i kommuneplanen ved hjelp av scenariemetodikk. Tanken er å integrere kommuneplanen mot BMS-systemet fra 2008. Lom kommune har i 2006

gjennomført en imponerende prosess som vil gi et spennende utgangspunkt for utviklingen av kommunen i årene som kommer.”

Forslag til ny visjon for Lom:

- * Lom - ei kjelde for framtida
- * Lom - gjestfri og nyskapande
- * Lom - toppen av Noreg
- * Lom - på topp

4. 3 Det totale målekartet for Lom kommune

Målekartet viser områda kor det er utabeidd konkrete mål for kommunen. Desse områda er brukarar, økonomi og medarbeidarar. Måla står i høgre kolonne, medan resultata er kolonna ved sida av til venstre.

Målekarta vart innførte i 2006, og det er fleire område kor vi enno ikkje har utført målingar.

Fokus-område	Kritisk suksessfaktor	Indikator	Resultat 2006	Resultatmål 2006
Brukarar	Tenester	Kor tilfredse er brukarane	Manglar måling	Manglar måling
	Medverknad	Tilfreds med medverknad	Manglar måling	Manglar måling
	Forventnings-avklaring	Andel tenester med oppdatert tenestebeskrivelse	Omrog. 1.1.2006	100 %
		Andel tenester med oppdatert serviceerklæring	Omorg. 1.1.2006	Omorg. 1.1.2006
		Saker utover kråv i rutinehandbok	Manglar måling	Manglar måling
		Talet på delegasjons-saker	Var ikkje målt	Var ikkje målt
		Gjennomført vedtak-avviks-rapportering	Var ikkje målt	Var ikkje målt
		Oppleving av kvaliteten på informasjonen	Var ikkje målt	Var ikkje målt
Økonomi	Økonomisk-styring av drift	Avvik budsjett	4,4 %	0 %
		Brutto driftsresultat	-0,5 %	-5,3 %
		Netto Driftsresultat	7,5 %	3,1 %
	Finansiell styring	Eigekapitalpros.	39,3 %	38,0%
		Gjeldsgrad (Gjeld/eigekap)	1,6	1,6
		Langsiktig gjeld pr. innbyggjar	45.544	47.318
	Likviditets-styring	Kredittid fordringer	42 dgr.	42 dgr.
		Likviditesgrad 1	2,8	1,8
		Arbeidskapital	53,9 %	50,0 %
Medarbeidar	Arbeidsgjevar-rolla	Oppleving av leiarskap *til nærmeste leiар	Anna org.	Manglar målingar
		*til overordna leijing	Anna org.	Anna org.
		Andel gjennomførte medarbeidarsamtaler (stilling > 50 %)	Anna org.	Anna org.
	Rekruttering	Omdøme	Anna org.	Manglar målingar
		Attraktiv	Anna org.	Manglar måling
Arbeidsmiljø	Arbeidsmiljø	Medarbeiar-tilfredsheit	Anna org.	Manglar målingar
		Sjukefråvær *Korttids- *Langtids-	Anna org. 2,7% 3,3%	2,8 % 2,6 %

5 Oversikt frå tenesteområda

5.1 Oversikt frå tenesteområdet Støttefunksjonen

5.1.1 Hovudoppgåver

Støttefunksjonen skal yte service mot dei andre tenesteområda i kommunen, slik at dei skal få teke seg av sine primære oppgåver, samtidig som Støttefunksjonen har oppgåver retta mot innbyggjarane i Lom kommune. Støttefunksjonen har ansvaret for desse oppgåvene:

- Personalavdeling
- Økonomiavdeling
- IT/IKT
- Servicetorg
- Informasjon og studiesenteret
- Skatteoppkrevjing
- Arbeidsgjevarkontrollen for Nord-Gudbrandsdalen. (Lom kommune administrerer ordninga.)



Egil Haug er tenesteleiar i Støttefunksjonen

5.1.2 Kommentarar til utviklingstrekk

Lom kommune vart omorganisert frå 1.1.2006. Støttefunksjonen er nyopprettet frå dette tidspunktet. Økonomi- og personalavdelingane har fungert slik dei har gjort tidlegare. Det same gjeld IT/IKT-arbeidet. Servicetorget vart oppretta samtidig med omorganiseringa. To tilsette har kome til frå andre tenesteområde, og har delvis hatt med seg arbeidsoppgåver frå den tidlegare arbeidsstaden i kommunen.

Servicetorget

Servicetorget har vore i dialog med tenesteområde Miljø-, Teknisk- Næring om overtaking av arbeidsoppgåver. MTN sine ynskje om overtaking av oppgåver er gjennomført. Det er overført arbeidsoppgåver for i overkant av 1 stilling, medan 1 stilling er overført. Servicetorget har vore sentrale i innføring av nytt elektronisk sakshandsamingssystem. Systemet vart teke i bruk frå 1.3.2006. Servicetorget er enno ikkje fysisk etablert, men publikumsmottaket i fyrste etasje i Midtgard skal byggjast om til Servicetorg med arbeidsplassar til 5 tilsette.

Økonomi og personal

Økonomi- og personalavdelingane har i 2006 hatt store utfordringar med oppgradering av økonomi- og personalsystem. Det er gjennomført fleire dagar med opplæring for å kunne ta alle delar av systemet i bruk. Prosjektet har vore leia av ei regional prosjektgruppe, med ei styringsgruppe som overordna organ.

Samarbeid om IT-løysing

Lom kommune er i samarbeid med dei andre kommunane i Nord-Gudbrandsdalen om

felles IT-løysing som blir leia av Regiondata på Otta. (Kommunane i Nord-Gudbrandsdalen sitt driftsselskap). IT-konsulentane (samarbeid med Skjåk kommune) har hatt mykje arbeid med å leggja til rette for disse løysingane, der økonomi- og personalsystemet, MS-Office, elektronisk sakshandsamingssystem er lagt over på felles serverløysing for heile Nord-Gudbrandsdalen.

Innkreving av skatt

Skatteoppkrevjinga saman med arbeidsgjevarkontrollen utfører ein svært viktig funksjon for å ta vare på kommunen sine inntekter, ved å følgje opp og få inn skattar og arbeidsgjevaravgift. Resultata for Skatteoppkrevjaren i Lom er gode, og det kan visast til ein skatteinngang som ligg 5,4% over skatteinngangen for 2005.

Informasjon og studiesenter

Leiar av studiesenteret fekk nye oppgåver med informasjon. Det har difor vorte sterkt redusert satsting på studiesenteret. Talet på aktive studentar er no om lag 20.

Satsinga på informasjonsarbeidet har gjeve resultat.

- Vi har no fått moglegheit til sjølve å produsere meir av vårt informasjonsmateriellet.

- Vitjinga på heimesida har auka frå om lag 7 000 treff pr veke i 2005 til om lag 12 000 i 2006, og vi fekk 4 stjerner (fram frå 3 i 2005) på

Norge.no sin vurdering av kvaliteten på offentlege nettstader.

5.1.3 Utfordringar framover

Det vil bli sett fokus på utvikling av Støttefunksjonen i 2007, der samhandling med dei andre tenesteområda vil vera i sentrum. Målet blir å bidra for dei andre tenesteområda der Støttefunksjonen kan gjera arbeidsoppgåvene meir rasjonelt og samtidig bidra til meir effektivitet.

SWOT-analysen, som det er oppstilling av nedanfor, viser kva for utfordringar Støttefunksjonen må prioritere blant.

Støttefunskjonen skal koordinere arbeidet med balansert målstyring, der brukar- og medarbeidarundersøkingane vil vera sentrale verkty. Dette er nye oppgåver for Støttefunksjonen.

Samhandling med dei andre tenesteområda må og prioriterast. Det er eit mål at kommunen skal vera lett tilgjengeleg, og at vi skal arbeida for auka produktivitet. Eit middel i dette er implementering av elektroniske skjema integrert med saksbehandlingssystemet, slik at vi skal sleppe minst mogleg registrering i saksbehandlinga.

Organisering og gjennomgang av arbeidsoppgåvene ved Økonomiavdelinga vil elles vera ei større oppgåve ved sida av det daglege arbeidet. Målet her er å sjå

på eventuelle område for rasjonalisering, dessutan å organisere arbeidet på ein slik måte at vi oppnår kompetanseheving i heile avdelinga. Ein effekt av dette er mindre risiko (kompetansemangel) ved fråvær og ein betre og jamnare arbeidsflyt. Med små ressursar er dette ei stor utfordring, og det er ikkje mogleg på dette tidspunktet å seia noko om kva vi kan oppnå.

Vi må arbeide for å gjera betre kjent det vi kan bidra med for dei andre tenesteområda. Opplæring i bruk av våre styringssystem (økonomi-, personal og saksbehandlingssystem) vil vera sentrale område i dette arbeidet.

Informasjonsarbeidet er mellombels lagt til Støttefunksjonen. Plattforma for heimesida er vurdert til ikkje å vera den beste for Lom kommune. Det er og ynskje om å få til ei betre løysing av intranettet enn det vi har i dag.

På skatteområdet vil innføring av det nye skattesystemet SOFIE krevja ekstra ressursar, der vi frå før berre har ein 60% stilling.

Felles IT-løysingar, programvare og kompetanse i regionen gjev oss høve til å utvikle interkommunalt samarbeid.

Oversikt frå tenesteområda: Støttefunksjonen

5.1.4 Status og analyse (SWOT)

(Metode for kartlegging av styrke, veike punkt, moglegheiter og trugslar)

Nåtid Styrke	Framtid Moglegheiter (prioritert)
<ul style="list-style-type: none"> -god fagleg og brei kompetanse -faglig dyktig tilsette -blir brukt av andre fagfelt i kommunen -god lokal kunnskap -flexibilitet og kreativitet kjenneteiknar støttefunksjonen. -godt arbeidsmiljø -god kjennskap til kommunen som arbeidsgjevar og som samfunn -mobile (AKNG, Arbeidsgjevarkontrollen for Nord-Gudbrandsdal) -god lokal kjennskap (AKNG, Arbeidsgjevarkontrollen for Nord-Gudbrandsdal) 	<ul style="list-style-type: none"> -dra nytte av kvarandre si kompetanse -vidareutvikle samarbeid med andre tenesteområde. -auke tilbodet med tenester retta mot publikum (Servicetorg). -framtdsretta arbeidsoppgåver med ein interessant arbeidsplass -utvikle dialog med brukarar internt og eksternt -moglegheiter med Regiondata -etablere kontakt mot næringsliv og presse -samhandling med statlege kontrollinstansar (AKNG, Arbeidsgjevarkontrollen for Nord-Gudbrandsdal) -etablering kommune 24:7 (elektroniske skjema tilgjengelege frå kommunen sin nettstad) -Sofie nytt skatte/innfordingssystem -utnytte økonomisystemet -betrer rapportering -samarbeid i systemgrupper i region -e-faktura/skanning -opplæring for å ha ein tilsett ekstra på kritiske fagområde for å sikre ferie og sjukefråvær
Kritiske forbettingsbehov (prioritert)	Spesielle utfordringar (prioritert)
<ul style="list-style-type: none"> -minimale ressursar med stadig fleire oppgåver som blir forventa overført som følge av nye organisasjonstilpassingar -utvikle best mogleg samspel med andre tenesteområde -sårbar personalsituasjon med små fagmiljø -kjennskap til økonomi- og personalsystemet -felleskontrollplanen si fokusering på kvantum (AKNG, Arbeidsgjevarkontrollen for Nord-Gudbrandsdal) -sårbarheit ved sjukdom og ferie -ustabil datakommunikasjon -mangler backup på arbeidsoppgåver (må ha to som kan utføre same oppgåve) -tid til avstemmingar 	<ul style="list-style-type: none"> -fysisk arbeidsmiljø -klarare arbeidsoppgåver og ansvarsdeling med resten av organisasjonen -overføring av arbeidsoppgåver til servicetorg -etablering kommune 24:7 (elektroniske skjema tilgjengelege frå kommunen sin nettstad) -kapasitet til support og drifting av nye samansette ikt - løysingar. -utfordring å halde seg à jour på kvart arbeidsfelt, spesielt innanfor lover og reglar som regulerer mykje av Støttefunksjonen sine fagområde -tar tid å finne/få relevant informasjon om reglar -tidsfristar, styrer ikkje tida sjølv. -sjukdom -ubalanse mellom ressursar og arbeidsoppgåver

5.1.5 Rekneskapsoversikt

STØTTEFUNKSJON (Tal i heile tusen kroner)	Regnskap 2006	Buds(end) 2006	Avvik
LØNSUTGIFTER	5 341	7 895	-2 555
KJØP AV VARER OG TENESTER	5 851	5 206	645
KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	5 683	1 636	4 047
OVERFØRINGAR	1 319	1 602	-283
FINANSUTGIFTER/TRANSAKSJONAR	40 127	30 749	9 379
SALSINNTEKTER	-12 959	-2 588	-10 371
REFUSJONAR	-3 728	-7 758	4 030
OVERFØRINGAR	-91 246	-94 152	2 906
FINANSINNTEKTER/TRANSAKSJONAR	-29 334	-25 926	-3 409
TOTALT	-78 946	-83 335	4 389

5.1.6 Kommentarar til avvik

Det vesentlege av lønsavviket for Støttefunksjonen kjem av attendeføring av pensjonsfond og avvik mellom rekna utgift (aktuarberekning) for 2006 og innbetalt premie. Desse postane blir ført inn under ansvars-område til Støttefunksjonen. Dette er mindreutgifter som kan koma att som ei ekstra utgift seinare år. Elles er det budsjettert med ei 50 % stilling i Arbeidsgjevarkontrollen for Nord-Gudbrandsdal, der tilsettingsforholdet har fungert mellombels på anna måte i 2006 enn det vil gjera framover. Av denne grunn har vi ikkje hatt alle lønsutgiftene for Arbeidsgjevarkontrollen dette året.

”Kjøp av varer og tenester” har eit avvik på kr. 645.000. Kr. 343.000 av dette er internkjøp, som ikkje

har verknad på kommunen sine totale driftsutgifter. Den største einskildposten ut over dette er straumutgift på kr. 136.000 utover budsjettet. Det er elles fleire mindre postar som har både positive og negative avvik som utgjer resten av avviket.

Avvik på ”kjøp av tenester frå andre” kjem på grunn av ei anna rekneskapsføring i 2006 enn det

som var brukt i budsjettet. Posten gjeld konsesjonskraftutgifter, og må sjåast i samanheng med posten ”salsinntekter”.

Posten ”overføringer” har eit avvik på kr. 573.000. Det er eit meirforbruk på kr. 744.000 som er momstransaksjonar, som ein må sjå saman med momskompensasjonen. I tillegg er det ført eit tap på fordringar med kr. 856.000, som gjeld avvik mellom krav på sjukepengar og refunderte sjukepengar frå tidlegare år. Det er ei innsparing på ”overføringer til andre” med kr. 1.030.000, der 1 mill. kroner var budsjettert under teneste ”administrasjonsbygg”.

Avviket på ”finansutgifter/transaksjonar” kjem i det vesentlege av rekneskapstekniske transaksjonar.

Avvik på posten ”salsinntekter” gjeld konsesjonskraftinntekter og har ei anna rekneskapsføring for 2006 enn det som det er lagt opp til i budsjettet. Rekneskap og budsjett for sal av konsesjonskraft har berre mindre avvik.

Under Posten ”refusjonar” er momskompensasjonen teke med under Støttefunksjonen sitt budsjett, Medan det i rekneskapen er bokført under eige ansvarsområde. Momskompensasjonen er budsjettert med kr. 4.700.000, og gjev dermed eit negativt avvik. Øyremerka tilskot, rentekompensasjon og interne overføringer gjev ca.1 million kroner i positivt avvik. (Momskompensasjonen gav totalt kr. 3.100.000 i meirinntekter i forhold til totalbudsjettet).

Posten ”Overføringer” har eit avvik på kr. 2.944.000. Kr. 6.217.000 gjeld sal av konsesjonskraft og kjem av anna rekneskapsføring nå enn det var lagt opp til i budsjettet. Ut frå dette er det eit positivt avvik på kr. 3.300.000. Det er inntektsført kr. 1.005.000 som kjem av attendeføring av pensjons-utgifter. Det er eit positivt avvik på kr. 1.833.000 på rameoverføringer, og eit positivt avvik på kr. 326.000 som gjeld skatt på inntekt og formue. Det er elles mindre avvik.

”Finansinntekter/transaksjonar” har eit positivt avvik, der kr. 1.026.000 kjem av betre renteinntekter av eigne innskot. Det er elles mindre negative avvik på inntekter frå eige utlån og avdragsinntekter.

Andre poster kjem av interne rekneskapstransaksjonar.


Oversikt frå tenesteområda: Støttefunksjonen

5.1.7 Nøkkeltal for området

	Økonomiavdeling				
	2002	2003	2004	2005	2006
Nøkkeltal 31.12.2006					
Talet på årsverk	3,8	3,8	3,8	3,8	3,8
Talet på inngående fakturaer	4996	5204	5503	5828	5882
Talet på utgående faktura faste oppdrag	1431	1529	1443	1437	1755
Talet på bankbilag	1094	1211	1055	1084	1220
Talet på mva.bilag med mer	255	304	478	453	78
Talet på anna	18	17	0	0	0
Sum talet på bilag	7794	8265	8479	8802	8935

Nøkkeltal 31.12.2006	Servicetorg
Talet på årsverk	4
Talet på inn- og utgående journalposter	4896
Talet på søknader om etableringstilskot	23
Talet på søker om skjenkeløyve	9
Talet på sal- og skjenkeprøver	2
Talet på etablererprøver	0
Talet på formannskapsmøte	22
Talet på kommunestyremøte	10
Talet på budsjettutvalsmøte	8
Talet på andre utvalsmøte(saksutval)	0

Nøkkeltal 31.12.2006	Personal
	2006
Talet på årsverk	1
Talet på saker i Adm.utvalet	2
Talet på saker i TU	53
Talet på faste tilsettingar	25
Talet på søkerar	
Talet på avslutta arbeidsforhold	18



Bård Hanem er leiar
for tenesteområdet
Skule

5.2 Oversikt frå tenesteområdet Skule

Området har ansvar for ungdomsskulen og barneskulane i Lom. Til tenesteområdet hører og Kultur- og musikkskulen og, etter organisasjonsendring, også biblioteket.

5.2.1 Tenesteområdet sine hovudoppgåver

Etterutdanne lærarar og kvalitetssikre opplæringsmiljøet i skulen.
Fremje kulturlivet gjennom eit opplæringstilbod i musikk- og kulturskulen som avspeglar interessene til elevane.

Biblioteket skal sikre innbyggjarane fri tilgang til ulike media som gjev informasjon, opplysning og inspirasjon – og vera ein aktiv læringsarena.

5.2.2 Tenesteleiars kommentarar til utviklingstrekk

Den ”nistepakka” som elevane har med seg i møte med skulen, blir meir og meir ulik. Elevane blir meir og meir aktive brukarar

av informasjonsteknologien. Elevane blir overkøyrd av informasjonsstraumen. Større krav til skulen som arena for fagleg innlæring.

5.2.3 Utfordringar framover

Leggje til rette for Tilpassa opplæring slik at alle har eit meiningsfullt læringsmiljø. Skulane i Lom mellom dei fremste i landet i bruken av elektronisk læringsverktøy, gjennom samarbeidsprosjektet DIG Lom og Skjåk. Til kvar tid ha lærarar som er fagleg oppdaterte.

Sikre nok ressursar til å følgje opp større krav fra elevar/foreldre og storsamfunnet. Skulen må ta eit større ansvar for elevane sin totale livssituasjon, t.d. kosthald og leksehjelp. Skaffe nok elevar til leirskulane slik at dei kan halde oppe drifta.

5.2.4 Status og analyse (SWOT)

(Metode for kartlegging av styrke, veike punkt, moglegeheter og trugslar)

Nåtid	Framtid
Styrke IKT-ressursane Arbeidsmoral Politisk og adm. forståing	Moglegeheter (prioritert) Utnytte IKT Endå betre tilpassa opplæring
Kritiske forbettingsbehov (prioritert) Styrke elevmedverknad (ikkje kritisk) Tilpassa opplæring (ikkje kritisk)	Spesielle utfordringar (prioritert) Gjennomføre Kunnskapsløftet Dekkje faglege behov

Oversikt frå tenesteområda: Skule

5.2.5 Rekneskapsoversikt

S K U L E (Tal i heile tusen kroner)	Regnskap	Buds(end)	Avvik
	2006	2006	
LØNSUTGIFTER	21 672	22 568	-896
KJØP AV VARER OG TENESTER	6 048	5 901	147
KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	1 361	1 034	328
OVERFØRINGAR	1 038	215	823
FINANSUTGIFTER/TRANSAKSJONAR	328	34	294
SALSINNTEKTER	-641	-608	-33
REFUSJONAR	-2 929	-2 886	-43
OVERFØRINGAR	-35	0	-35
FINANSINNTEKTER/TRANSAKSJONAR	-837	-469	-368
T O T A L T	26 005	25 788	217



Elevar og lærarar tok
i bruk ein ny-oppussa
Lom ungdomsskule i
2006

5.2.6 Kommentarar til avvik

I overkant av kr 300.000 er budsjettert på
Teneste 1300 – Administrasjon

Over 250.000 i overforbruk av lønningar

5.2.7 Nøkkeltal for området

Biblioteket

Biblioteket – utlån pr innbyggjar i 2005 - 9,10 høgst i fylket, gjennomsnitt i Oppland 5,31.
Biblioteket – besøk pr innbyggjar 2005 – 10,7 høgst i fylket, gjennomsnitt i Oppland 4,3.

Skulen

Elevtalet i grunnskulen var ved årsskiftet 306, for 5 år sidan 327.
Det er tilsett 50 lærarar i ulike stillingsstorleikar, 10 menn og 40 kvinner; ein vikar manglar utdanning.
Gjennomsnittsalder ca 45 år.
Tilsett 5 assistenter, til saman 1,55 årsverk.
Musikk- og kulturskulen har 124 elevar og 146 elevplassar, 2 på venteliste.
Musikk- og kulturskulen har 11 lærarar på 2,38 årsverk, av dei 9 utan formell utdanning.



Unn Tove Onsum
Berg er leiar for
tenesteområdet
Barnehage

5.3 Oversikt frå tenesteområdet Barnehage

Området har ansvaret for Loar og Garmo barnehagar i Lom. For tida er det i alt 93 barn og i underkant av 30 tilsette.

5.3.1 Tenesteområdet sine hovudoppgåver

Barnehagen sitt samfunnsmandat:

”Barnehagen skal gi barn under opplæringspliktig alder gode utviklings- og aktivitetsmuligheter i nær forståelse og samarbeid med barnas hjem”, Barnehageloven §1.

Barnehagen sitt verdigrunnlag:

”Omsorg, oppdragelse og læring i barnehagen skal fremme menneskelig likeverd, likestilling,

åndsfrigkeit, toleranse, helse og forståelse for bærekraftig utvikling.”

Barnehageloven §2.

Barnehagens innhold.

”Barnehagen skal være en pedagogisk virksomhet” Barnehageloven § 2.

I tillegg skal barnehagen følgje dei retningslinjer som Rammeplan for barnehagen gjev. (Sjå heimesida for barnehagane)

5.3.2 Tenesteleiars kommentarar til utviklingstrekk

Fleire søker fleire dagar til barna sine. Barna er yngre enn tidlegare, og dei fleste barna har lange dagar. Nå har vi flest søkerar til tre, fire og fem dagar.

For et par år attende var det flest søkerar til tre og to dagar. Dessutan får vi ein auke av barn som treng spesiell oppfylging på grunn av ymse problem i kortare eller lengre periodar.

5.3.3 Utfordringar framover

Loar barnehage:

Loar barnehage treng påbygg for å imøtekoma det store behovet for barnehageplass. Samstundes som personalet treng arbeidsplassar, pauserom, møterom m.m. Staben har auka frå 12 til 23 på få år og ytterlegare auking av personalstabens trengs. Det ser ut til at det vert behov for 4 personar pr. avdeling pr. dag for å imøtekoma brukarane sine behov.

Garmo barnehage:

Fleire yngre barn treng plass i Garmo enn det har vore ynskje om tidlegare. Der er det behov for same tilbodet som i Loar barnehage. I og med yngre barn vil ha plass der og, trengs det minimum 4 vaksne, helst 5, per dag for å dekkje dagen på ein forsvarleg måte.

5.3.4 Status og analyse (SWOT)

(Metode for kartlegging av styrke, veike punkt, moglegheiter og trugsalar)

Nåtid	Framtid
<p>Styrke</p> <ul style="list-style-type: none"> * Fagleg kompetent personale * Fleksibelt personale * Høy skore på Brukar- og medarbeidar undersøking <p>Tverrfagleg samarbeid internt og eksternt</p>	<p>Moglegheiter (prioritert)</p> <p>Ein enda betre fungerande stab</p> <p>Tilbygg med personalavd. og ei ny 5.avd.</p> <ul style="list-style-type: none"> * Gode merkantile tenester
<p>Kritiske forbettingsbehov (prioritert)</p> <p>Lite tilfredsstillande lokale i forhold til dei oppgåver personalet er pålagde</p> <p>Ineffektiv standard på datautstyr</p>	<p>Spesielle utfordringar (prioritert)</p> <p>Bygging av ny avd. for barn og personalavd.</p> <p>For lite hjelp til barn med spesielle behov</p> <p>Drive barnehagen slik at alle barn får høve til optimal utvikling ut frå eigne føresetnader</p>

Oversikt frå tenesteområda: Barnehage

5.3.5 Rekneskapsoversikt

B A R N E H A G E (Tal i heile tusen kroner)	Regnskap	Buds(end)	Avvik
	2006	2006	
LØNSUTGIFTER	7 194	7 143	51
KJØP AV VARER OG TENESTER	697	609	88
KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	93	19	74
OVERFÖRINGAR	240	0	240
SALSINNTEKTER	-1 434	-1 510	76
REFUSJONAR	-5 457	-4 056	-1 401
FINANSINNTEKTER/TRANSAKSJONAR	-10	-130	120
T O T A L T	1 323	2 075	-752

5.3.6 Kommentarar til avvik

Reknskapen for barnehagane synte ei meirinntekt på kr. 700 000 for 2006. Det kjem frå skjønsmidlar og statstilskot som vart meir enn rekna med.

5.3.7 Nøkkeltal for området

Nøkkeltal 31.12. Loar	2002	2003	2004	2005	2006
Talet på avdelingar	3	3	4	5	5
Talet på årsverk pedagogisk personale	3,80	3,80	4,80	6,00	6,00
Talet på årsverk fagarbeidrarar	5,00	5,20	6,30	8,30	8,30
Talet på årsvek utan fagutdanning	0,80	0,40	0,80	1,00	1,00
Sum talet på årsverk	9,60	9,40	11,90	15,30	15,30
Talet på barn under 3 år	12	13	29	24	21
Talet på barn over 3	48	44	48	62	62
Sum talet på barn	60	57	77	86	83

Nøkkeltal 31.12. Garmo	2 002	2 003	2 004	2 005	2006
Talet på avdelingar	1	1	1	1	1
Talet på årsverk pedagogisk personale	1,30	1,30	1,36	1,33	1,00
Talet på årsverk fagarbeidrarar	0,14	0,14	0,12	1,38	1,30
Talet på årsvek utan fagutdanning	1,15	1,15	1,40	0,00	0,00
Sum talet på årsverk	2,59	2,59	2,88	2,71	2,30
Talet på barn under 3 år	4	4	3	2	1
Talet på barn over 3	12	18	16	13	10
Sum talet på barn	16	22	19	15	11

Totalt talet på barn Loar og Garmo	76	79	96	101	94
------------------------------------	----	----	----	-----	----



Jarmund Øyen er leiar
for tenesteområdet
Miljø, teknisk og
næring

5.4 Oversikt frå tenesteområdet Miljø, teknisk og næring

Tenesteområde Miljø, teknisk og næring (MTN) har som hovudmål god og framtidsretta areal- og ressursforvaltning, og god service til innbyggjarane innan saksområda som blir dekte.

5.4.1 Tenesteområdet sine hovudoppgåver

Tenesteområdet har ansvaret for desse oppgåvene:

Teknisk:

- Forvaltning av kart og geodata
- Oppmålingsarbeid etter kart- og delingslova
- Utbygging, drift- og vedlikehald av kommunaltekniske anlegg og vegar
- Tilrettelegging av bustad- og næringsareal ved opparbeiding
- Vaktordning for kommunaltekniske anlegg, brann- og generell beredskap
- Vassforsyning og avlaup private enkeltanlegg
- Saksbehandling etter plan- og bygningslova
- Prosjekt og byggjeleiing for nybygg og ombygging av kommunale bygg og anlegg
- Drift- og vedlikehald av kommunale bygg
- Reinhaldsteneste for kommunale bygg
- Drift og vedlikehald av grøntanlegg og sentrumsområde
- Renovasjon (Nord- Gudbrandsdal
renovasjonsselskap)
- Eigedomsforvaltning (sal og bortfeste av eigedom)
- GAB – registrering (grunneigedom, adresse, bygg)
- Brannvern (Lom og Skjåk brannvesen)

Arealplanar:

- Kommuneplanen sin arealdel
- Reguleringsplanar

Miljøvern:

- Verneprosessar etter naturvernlova
- Lokal forvaltning av verneområde
- Vilt- og fiskeforvaltning
- Motorferdsel i utmark
- Nasjonalparkriket – oppfølging av prosjekt
- Verdiskapingsprogram for kulturminne
- Miljøfyrtårn

Kultur:

- Kunst, kultur, idrett og næring.
- Kontaktledd til friviljuge lag og organisasjoner, tilskot.
- Idrettskontakt
- Ungdomsarbeid, ungdomsråd, ungdomsklubb, bygdekino.
- Lom Bygdemuseum (utleige Presthaugen)
- Kulturbasert næringsutvikling
- Kulturelle arrangement
- Tippemidlar

Næring:

- Sikre landbruket produksjonsareal, biologisk mangfold og kulturlandskap i plan- og utbyggingssaker
- Miljøomsyn i samband med landbruksdrift, jordbruksforskriftene, miljøplan
- Eigedomsforvaltning: jord- og konsesjonslov, bu- og driveplikt, skoglov, forpaktingslov
- Planlegging: driftsplanar, skogsvegplanlegging, næringsplan, beitebruksplan
- Næringsutvikling, rådgjevar og støttespelar for næringslivet
- Nyetablering, bedriftsutvikling, samarbeid regionkontor og Innovasjon Noreg- lokal bank.
- Tilskotsordningar: produksjonstilskot i landbruket, regionale miljøtilskot, SMIL, BU-ordning, kommunale tilskot til landbruket
- Velferdsordningar: refusjon av avløysarutgifter, landbruksvikarordninga
- Landbruksvikarordninga: avløsing ved sjukdom og andre oppdrag
- Erstatningsordningar: avlingsskade, overvintringsskade, rovvillettap, nedföring
- Vedlikehaldsplan elveforbygging, Skred, ras, flom.
- DMK, gardskart, jordregister, statistikk

5.4.2 Tenesteleiars kommentarar til utviklingstrekk

Ved omorganisering frå 1.1.2006 ble tidlegare sektor for miljø, teknisk og landbruk endra til tenesteområde for miljø, teknisk og næring. Næringsarbeidet er etter dette styrka med betre samordning da alle avdelingane ved tenesteområdet er bidragsytar med tilrettelegging for næringslivet.

Reinhaldsteneste som tidlegare var fordelt er samsla under tenesteområdet, og det er i 2006 gjennomført organisering og reinhaldsplanar for dette området.

Etter at Tenesteleiar for Kultur, informasjon og profilering og Tiltaksleiar for barn- og unge slutta sommaren 06, vart den nytilsette kultur- og ungdomskonsulenten som starta i august, lagt under tenesteområdet Miljø/Teknisk/Næring. Hovudføremålet bak denne endringa er vel først og fremst at ein på sikt vil kunne få til eit tettare samarbeid mellom kultur- og næringslivet.

Det ligg føre mykje arbeid på arealplansida, og ein har stort etterslep når det gjeld dette arbeidet. Oppdaterte arealplanar er svært viktig for arbeidet med næringsutvikling og nytableringar. Høgda kapasitet på arealplansida ville setje kommunen i stand til å vere i forkant og betre styre utviklinga. Det er utarbeidd arealplanprogram for perioden 2006-2008 som vil bli revidert i 2007. Ved årsskiftet pågår det arbeid med 4 planar som er starta i kommunal regi (3 reguleringsplanar og 1 kommunedelplan). I tillegg er 4 private forslag til reguleringsplanar under behandling. Det er planlagt oppstart av arbeid med 8 arealplansaker i kommunal regi i planperioden.

Det er bra tilgang på bustadtomter. Ferdigstilling av reguleringsplanar på Kroken og på Gjeisar, med påfølgjande opparbeiding, har gjort tilgangen av tomter god på Fossbergom. I bustadfelta i Garmo

begynner det å bli att få ledige bustadtomter etter at det vart sett i gang mye bygging etter opparbeiding av Frisvollskogen II i 2006. Når det gjeld næringsareal, er det etterspurnad berre ved Fossbergom. Tilgangen på ledig areal er avgrensa, og især gjeld dette industriareal.

Når det gjeld kart- og geodata, er det vedteke regionalt samarbeid om drift av felles geodataserver via Regiondata. Digitalt kartverk, andre geografiske data på elektronisk form og programvare for forvaltning av desse, vil da bli lokalisert på Otta.

Kommunale vegar har etter gjennomført program med dekkelegging kome opp på bra standard, vidare fornying og vedlikehald vil vere påkravd osv.

Det er igangsett trafikktryggingstiltak med utbetring av kryss ved Lom helseheim og fatsregulerande tiltak i Frisvoldskogen og på Kollavegen.

Arbeidet med plan for trafikktryggleik i kommunen har ikkje vore prioritert. Det vil bli trappa opp i 2007 ved at det vert oppnemnt eige utval med mandat til å utarbeide og få på plass slik plan.

Kommunen har dei seinare åra lagt ned store resursar for utbygging og oppgradering av vassforsyninga med sikre og gode kommunale vassverk som resultat.

Dei kommunale avløpsreinseanlegga som er frå 1978 (Mjøsaksjonen) er nedslitne med stort behov for renovering. Oppgradering av Fossbergom reinseanlegg blei starta opp i 2006 og skal vere ferdig i 2007. Investeringa er på 15,3 mill. kr, og når anlegget er ferdig, skal det framstå som nytt.

største utfordringa er reisekostnadene og til tider stor arbeidsbelastning på den eine landbruksvikaren som er tilsett.

Gardskartprosessen med nye gardskart og jordregister på kvar landbrukseigedom i Lom har ført til ei ny arbeidsoppgåve for landbrukskontoret og teknisk. I løpet av våren/sommaren må landbrukskontoret synfare og korrigere feil og manglar i

5.4.3 Utfordringar framover

Landbruk:

Landbruksvikarordninga er ei stor utfordring. Tenesta er eit svært viktig tilbod for gardbrukarar som treng avløsing ved sjukdom og i akutte kriser. Etablering av samarbeid om felles bruk av landbruksvikar med Skjåk er ei god løysing for begge kommunane. I sum har både gardbrukarane og kommunen tent på eit samarbeid til det beste for landbruksnæringa. Den

Oversikt frå tenesteområda: Miljø, teknisk og næring

kartgrunnlaget. I løpet av 2007/2008 skal alle feil på DMK og DEK vera retta slik at dette blir rett i høve til utbetaling av areal- og kulturlandskapstilskot i jordbrukskontoret. Ein prosjektmedarbeidar er engasjert på timebasis i samarbeid med Skjåk kommune for rette kartgrunnlaget ved bruk av digital metode. Men ein stor del av arbeidet vil likevel landbrukskontoret måtte utføre.

- Nærings- og bygdeutvikling, aukande krav til tenester og rådgjevaren
- Jordvern – reguleringsplanar og arealplanar
- Prosjekt: Bøverdalens nasjonalt verdifullt kulturlandskap
- Regionalt miljøprogram for jordbrukskontoret i Oppland. Kartlegge verdifull innmark i Lom for RMP tilskot
- Tiltaksstrategi og Handlingsplan: Spesielle miljøtiltak i jordbrukskontoret sitt kulturlandskap.
- Nærings- og miljøtiltak i skogbruket

- Inn på Tunet – skape grunnlag for ny næring
- Landbruksvitarordninga: samarbeid om felles bruk med Skjåk
- Betre informasjon frå landbrukskontoret og ut til næringa
- Bioenergi
- Vidareføre støtte til skogbruksleiar i Ottadalen

Miljø:

- Vernevedtak Reinheimen føreset lokal forvaltning, og det vert eit interessant og utfordrande arbeid å få dette opplegget på plass
- Verneprosess Breheimen starta opp.
- Det er etablert kontaktutval og kommunale referansegrupper.
- Kartlegging av sandfluktproblematikken i Ottavassdraget
- Folge opp kontakt med Nasjonalparkriket og Verdiskapingsprogram for kulturminne

5.4.4 Status og analyse (SWOT)

(Metode for kartlegging av styrke, veike punkt, moglegheiter og trugslar)

<u>Nåtid</u> <u>Styrke</u>	<u>Framtid</u> <u>Møglegheiter (prioriter)</u>
<u>Effektiv byggesaksbehandling</u> <u>Gode elektroniske kartsystem</u> <u>God beredskap, brann og kriseberedskap</u> <u>Gode VA – tenester og pris</u> <u>FDV kommunale bygg i god utvikling</u>	<u>Tilsyn byggesak</u> <u>Vidareutvikle kartsystem DEK og GAB osv</u> <u>ROS –analyser, revisjon + nye område</u> <u>Elektronisk leidningskart + opplæring intern</u> <u>Dokumentasjon, internkontroll</u>
<u>Kritiske forbetningsbehov (prioriter)</u> <u>Plan for trafikksikring</u> <u>Vidareutvikle kartsystem + opplæring intern</u> <u>Internkontroll kom. bygg + brannvernleiar</u>	<u>Spesielle utfordringar (prioriter)</u> <u>Samla ressurssituasjon for MTN</u> <u>Forureiningslova, overført mynde</u> <u>avløpsanlegg < 2000 p.e (25 anlegg i Lom)</u> <u>Oppfølging av arealplanprogram</u> <u>Tenesteveg for bestilling</u>

5.4.5 Rekneskapoversikt

Miljø, teknisk og næring (Tal i heile tusen kroner)	Regnskap 2006	Buds(end) 2006	Avvik
LØNSUTGIFTER	10 478	10 031	447
KJØP AV VARER OG TENESTER	7 152	7 078	74
KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	4 533	5 234	-701
OVERFØRINGAR	2 556	2 161	395
FINANSUTGIFTER/TRANSAKSJONAR	330	80	250
SALSINNTEKTER	-7 104	-7 301	197
REFUSJONAR	-5 421	-4 866	-555
OVERFØRINGAR	-366	-911	545
FINANSINNTEKTER/TRANSAKSJONAR	-4 005	-4 122	117
T O T A L T	8 154	7 384	770

5.4.6 Kommentarar til avvik

Meirforbruk lønsutgifter ca. kr 446 000,- har i hovudsak bakgrunn i underbudsjettering av reinhaldsteneste.

Sjølvkostrekneskap for vatn, avløp og slambehandling viser totalt underdekning med kr 559 000,- som er dekt opp med bruk

av bundne driftsfond. Avvik har bakgrunn i ombygging av Fossbergom reinseanlegg, mindre inntekt frå slambehandling, ny utgift med slam levert til Vågå reinseanlegg og reduserte inntekter av årsgebyr som følge av redusert forbruksgebyr frå næringsabonnementar.

5.4.7 Nøkkeltal for området

- Byggesaker: 70 mottekne søknader/meldingar i 2006
- Kart og oppmåling: 28 nye krav om deling/kartforretning mottekne, utskrive 44 målebrev i 2006. Ved årsskiftet ligg det føre 69 saker som ikkje er avslutta.
- Motorferdsel i utmark: 10 søknader om dispensasjon behandla, 8 innvilga
- Næring: 7 saker frå Lom til Innovasjon Noreg/Oppland. Løyvd kr. 1 082 079,-- Landbruk
 - o Brutto produksjonstilskot til Lom: 28,6 mill.
 - o 31.07.06: 162 føretak søkte produksjonstilskot i jordbruket
 - o Regionale miljøtilskot (RMP) til Lom: 1, 5 mill.
 - o Velferdsordningane: Avløsing ferie/fritid: 5,2 mill., sjukerefusjon: kr. 636 359,-
 - o Bruk av landbruksvilar:
 - o Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL), 16 saker: løyvd kr 448 955,-.
 - o Nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK);: løyvd kr. 170 281,-.
 - o Statstilskot til skogkultur: løyvd kr. 18 112,-
 - o Organisert beitebruk, løyvd til Lom Beiteland kr. 148 646,-
 - o 2 BU-saker trad. jordbruk: løyvd kr 253 500,- i tilskott og rentestøtte til lån på kr 1 110 000,-.
 - o 5 BU-saker tilleggsnæringer: løyvd kr.506 000,-. 2 avslag.
 - o 16 løyvingar frå komm. tilskott til landbruk og i alt kr. 352 070,- fordelt slik: 2 beiterydding: 14 000,-, 2 vatningsanlegg/vassveigar/dam: 41 195,-, 1 etableringstilskot: 30 000,-, ungskogpleie/1.gongs tynning:3 422,-, 9 landbruksvegar/bruer: 163 453,-, 1 andre: 100 000,-,
 - o 1 bruk selde mjølkekvota i 2005
 - o 57 mjølkeprodusentar kjøpte mjølkekvote i 2006 på totalt 99 288 liter kumjølk. Av dette vart 35 505 liter omsett privat. Totalt kr. 120 190,- vart utbetalt i kommunalt tilskott til kjøp av mjølkekvote. Total mjølkekvote i Lom har auka i 2006.
 - o Det er totalt 13 samdrifter i mjølkeproduksjon i Lom i 2006. 12 organisert som DA og 1 AS.
 - o Tap av lam og sau på beite p.g.a. rovdyr i 2006: Sau: 2230 sleppt, 58 tapt (2,6%) Lam: 3907 sleppt, 382 tapt (9,78%)
 - o Søknad om fritak frå bu- og driveplikt: 2 saker.
 - o Delingssaker (jl. § 12): 4 saker
 - o Omdisponering (jl. § 9): 1 sak
 - o Konsesjonssaker: 3 saker
 - o Søknad om nydyrkning: 3 saker
 - o Disp. frå krav til bevaring av kulturlandskapet: 5 saker
 - o Prosjekt: Kartlegging av verdifull innmark i Lom. Prosjektleiar engasjert for 2 år. Finansiert ved spleislag mellom fylkesmannen, SMIL og kommunalt næringsfond.

Nokre tal frå reise- livsnæringa:

Gjestedøgn i Lom:

År	
2002	146 078
2003	156 716
2004	162 591
2005	173 943
2006	155 915

Kjelde: Jotunheimen
reiseliv

5.5 Oversikt frå Kultur, informasjon og profilering

Etter at leiar for tenesteområde Kultur, informasjon og profilering og kultur- og ungdomskonsulent sa opp sine stillingar i 2006, vart tenesta omorganisert slik at stillingane i dag er vakante. Biblioteket er overført til tenestområde Skule, informasjon er lagt til Støttefunksjonen og nytilsett kultur- og ungdomskonsulent er lagt til tenestområde Miljø, teknisk og næring. Organiseringa vil verte vurdert på nytt i samband med evalueringa av den nye organisasjonen i Lom kommune.

5.5.1 Rekneskapoversikt

	Regnskap	Buds(end)	Avvik
KULTUR- INFORMASJON OG PROFILERING	2006	2006	
(Tal i heile tusen kroner)			
LØNSUTGIFTER	2 138	2 385	-247
KJØP AV VARER OG TENESTER	1 853	1 883	-30
KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	333	173	159
OVERFØRINGAR	3 997	2 513	1 484
FINANSUTGIFTER/TRANSAKSJONAR	90	0	90
SALSINNTEKTER	-403	-362	-41
REFUSJONAR	-829	-477	-352
OVERFØRINGAR	-1 539	-450	-1 089
FINANSINNTEKTER/TRANSAKSJONAR	-378	-656	278
T O T A L T	5 261	5 010	251

5.6 Oversikt frå tenesteområdet Helse og velferd

Tenesteområdet har ansvar for helsetenester, barnevern, sosialtenester i NAV-kontoret og vaksentralen.

5.6.1 Tenesteområdet sine hovudoppgåver

Helsetenester, sosialtenester/Nav, barnevern, vaksentralen.

Helsetenesta

Formålet i kommunehelsetenestelova - Å fremje folkehelse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og førebyggje og behandle sjukdom, skade eller lyste. For å oppnå denne målsetjinga er tenestene organisert som miljøretta helsevern/ smittevern/ helsestasjonsverksem/ skulehelseteneste/ opplysningsverksem. Kommunen må m.a. sørge for følgjande deltenester: Allmennlegeteneste/ fastlegeordning, legevaktordning, fysioterapiteneste, helsesysterteneste, jordmorteneste, medisinsk naudmeldeteneste og transport av behandlingspersonell. I tillegg har kommunen oppretta ergoterapiteneste og tilbod innan psykisk helsevern.

Sosialtenesta

Formålet med sosialtenestelova – Å fremje økonomisk og sosial tryggleik, å betre levevilkåra for vanskelegstilte, å bidra til auka likeverd og likestilling og førebyggje sosiale problem, å bidra til at den einskilde får moglekeit til å leva og bu sjølvstendig og til å ha eit aktivt og meiningsfylt tilvære i fellesskap med andre.

Barnevern

Formålet med barnevernlova – Å sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får naudsynt hjelp og omsorg til rett tid, å bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår.

Nav

Fra 01.10.06 vart NAV-pilot Nord-Gudbrandsdal etablert. Alle 6 kommunane i Nord-Gudbrandsdal er med i piloten, som i tillegg til eit NAV-kontor i kvar kommune også innheld ei felles kompetanseining på

Otta. NAV-reformen er ein av dei største forvaltningsreformane i nyare tid. Innan 2010 skal alle innbyggjarar i Noreg ha tilgang til eit NAV-kontor. Der skal brukarane koma til eit integrert kontor, der tilsette i Arbeids- og velferdsetaten (tidligere Aetat og trygdeetaten) og sosialtenesta i kommunen arbeider saman om å finne gode løysningar for brukarane. Kommunen og NAV i fylket har inngått ei samarbeidsavtale som beskriv kva for tenester kontoret skal tilby. Det er fyrste gong stat og kommune samarbeider så tett om ei felles teneste.

Den lokale samarbeidsavtala fastset kva for tenester det einskilde kontoret tilbyr utover minstekravet. Tjenesteinnhaldet kan difor variere frå kommune til kommune.

Minstekravet til et NAV-kontor er: Økonomisk sosialhjelp frå kommunen og heile det statlige tenestespekteret frå tidlegare trygdeetaten og Aetat. I Lom har ein i tillegg lagt arbeidet med rus, flyktningar, transportordning for funksjonshemma og Husbankordningane inn i NAV.

Vaksentralen

Vaksentralen ligg også under tenesteområdet helse- og velferd. Vaksentralen var tidlegare interkommunal, men i dag er Lom kommune eigar og arbeidsgjevar, med samarbeidsavtaler med alle kommunane i regionen + Fronskommunane og Ringebu. I tillegg har Vaksentralen avtaler med lokale e-verk og ein del private verksemder og privatpersonar. Av oppgåvene som ligg til Vaksentralen i dag kan nemnast; legevaktvarsling, mottak av tryggleiksalarmer, varsling teknisk vakt i kommunar, alarmer frå e-verk, brann- og innbrotsalarmer m.m.. Det er i gang eit omstillingsprosjekt for Vaksentralen med tanke på å finne nye/alternative oppgåver.

5.6.2 Tenesteleiars kommentarar til utviklingstrekk

Etter kvart som den ”gamle garde” av kommunelege 1 i regionen er i ferd med å forsvinne, opplever ein at dei samfunnsmedisinske oppgåvene som miljøretta helsevern, smittevern og beredskapsplanlegging har lett for å bli nedprioritere. Dette er eit resultat av

fastlegeordninga som er basert på at legane i hovudsak skal vera privatpraktiserande. Kommunen må da kjøpe tenester av legane for å få utført oppgåvene. Dei yngre legane, og kanskje spesielt legar som kjem frå andre land, har vanlegvis heller ikkje den største interesse og kompetanse innafor desse områda. Dei



Bjørn Bakke er leiar for teneste-området Helse og velferd

ynskjer i stor grad å arbeide pasientretta. Det har dei siste par åra pågått ein prosess for å få til eit regionalt samarbeid på området, men pr. i dag ligg det ikkje føre noko konkret resultat. Legevaktordning og legerekruttering er ei utfordring i regionen. Vaktbelastninga blir opplevd å vera tung i vaktdistriktet Lom/Skjåk. Med berre 5 vaktberande legar (2 eldre legar friteke for vakt) blir dette ei stor belastning for legane og kan også vera ein medverkande årsak til at det ikkje er lett å rekruttere nye legar. Det er i gang ein prosess med å utgreie ei større interkommunal/regional legevaktordning.

Jordmordekninga i regionen er også ei utfordring. For over eit år sidan vart det vedteke ei regional jordmorvaktordning, men denne har ikkje kome i gang enno fordi 2 kommunar etter fleire utlysingar ikkje har fått tilsett jordmor (Skjåk og Sel).

Lom og Skjåk har hatt felles teneste innan psykisk helsevern dei siste 3 åra. Fellestenesta fungerer godt, og ein er overbevist om at dette var eit rett og klokt val. Presset på tenesta er til tider stort, og presset frå 2. linetenestene merkast ved at det kan vera vanskeleg å få lagt inn pasientar og at dei blir fort ut-att-skrivne. Bygginga av 4 omsorgsbustader er i gang og skal vera ferdige i løpet av september -07.

Tenesta vil få ei stor utfordring med å få på plass tilpassa bemanning i bustadane.

Med den utviklinga ein ser innafor helsetenesta i dag med stadig stuttare liggetid på sjukehus, vil vi i framtida få pasientar attende til kommunen som er "sjukare" enn dei var før. Dette stiller nye krav til alle helsetenestene våre både når det gjeld

kompetanse og økonomiske ressursar. Innafor helsestasjonstenesta har det i 2006 skjedd nye positive ting. I samarbeid med jordmor er det starta opp barselsgruppe. I samarbeid med biblioteket og tannlege er det også starta opp gruppe for dei som har barn i alderen rundt 18 mnd. Det er under utarbeiding ei informasjonsbrosjyre om innhaldet i desse tiltaka. I samarbeid med helsestreng og jordmødrer i Skjåk, Lom og Vågå er det starta opp eit tilbod om samlivskurs til alle 1. gongs foreldre.

NAV-pilot Nord-Gudbrandsdal kom i gang 01.10.06. Det er oppretta NAV-kontor i alle kommunane og ei felles kompetanseining på Otta. Gjennom heile 2006 har det vore brukt mykje tid og ressursar (både økonomiske og menneskelege) på NAV-reformen. Samlokaliseringa er gjennomført og etter ein del ombygging og om-møblering vart resultatet bra.

Det har vore ein del utfordringar, spesielt på statleg side, med fordeling og innpllassering av dei tilsette på dei ulike kontora. På sosialhjelpsida ser ein ei negativ utvikling i talet på sosialhjelpmottakarar i aldersgruppa 18-24 år. Det var også ein liten auke i aldersgruppa 25 – 44 år. Ein del av desse sosialhjelps-mottakarane er dei som er i ei etableringsfase med bustad, jobb og born. Det kan vera mykje å hente på å gje dei råd og rettleiing slik at dei kan koma i arbeid og ikkje setje seg i større gjeld enn dei kan klare å takle. Omstillingsprosjektet for Vaktsentralen starta opp i september 2006 og skal etter planen vera ferdig hausten 2007.

5.6.3 Utfordringar framover

Legerekrutteringa er ei utfordring. Ei god regional legevaktordning der vaktbelastninga på den einskilde lege ikkje blir så stor som i dag, kan vera eit av dei verkemidla som skal til for å betre på situasjonen.

Bygging av eit nytt og framtidsretta helsecenter vil også kunne verke positivt inn på rekrutteringsarbeidet for å sikre ei stabil lededeckning.

Utvikling av eit godt regionalt barnevernssamarbeid vil sikre betre og

tryggare tenester på dette området.

Utvikling av vaktsentralen for å finne nye oppgåver som kan erstatte legevarslinga som er tenkt lagt til eit framtidig Distriktsmedisinsk Senter på Otta. Flytting av vaktsentralen til andre og betre lokale blir naudsynt. Målsetjinga er i fyrste omgang å finne nok arbeidsoppgåver til å sikre arbeidsplassane.

Oversikt frå tenesteområda: Helse og velferd

5.6.4 Status og analyse (SWOT)

(Metode for kartlegging av styrke, veike punkt, moglegheiter og trugslar)

Nåtid	Framtid
Styrke God dekning av nødvendig fagkompetanse Stabil bemanning – lite utskifting Godt tverrfagleg samarbeid – liten kommune – god oversikt Samlokalisert aetat/trygd/sosial – NAV Stort sett gode/moderne it-verktøy	Moglegheiter (prioritert) Utvikle interkommunalt/regionalt samarbeid - (jordmor/psykisk helsevern/barnevern) Heilhitlege og samordna tenester til NAV-brukarane Ferdigstilling av 4 omsorgsbustader til psykisk helsevern i 2007 Gjennom nyleg oppstarta omstillingsprosjekt utvikle tenestene på Vaktsentralen – ambisjonar om å skaffe nye tenester innanfor både frå offentleg og privat sektor.
Kritiske forbettingsbehov (prioritert) Gamle, slitte og til dels trønge lokale (gjeld både helsesenteret og vaksentralen) Ein del gamalt og slitt utstyr (gjeld både helsesenteret og vaksentralen) Legekontoret har dårlig internettloysing Barnevernet kan bli lite og sårbart etter NAV-reformen	Spesielle utfordringar (prioritert) Sikre stabil legedekning framover i tid Greie å oppfylle intensjonane med NAV Bygging av nytt helsesenter Flytting av vaksentralen Arbeide for regionalt samarbeid i barnevernet

5.6.5 Rekneskapsoversikt

H E L S E O G V E L F E R D	Regnskap	Buds(end)	Avvik
	2006	2006	
(Tal i heile tusen kroner)			
LØNSUTGIFTER	10 964	10 999	-34
KJØP AV VARER OG TENESTER	4 085	4 081	4
KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	621	1 083	-462
OVERFØRINGAR	1 710	1 212	498
FINANSUTGIFTER/TRANSAKSJONAR	689	180	509
SALSINNTEKTER	-1 085	-945	-140
REFUSJONAR	-6 624	-6 561	-63
OVERFØRINGAR	-15	0	-15
FINANSINNTEKTER/TRANSAKSJONAR	-408	-200	-208
T O T A L T	9 937	9 848	90

5.6.6 Kommentarar til avvik

Det er fordelt husleige på ein del tenester der det ikkje er budsjettert med husleige; under ansvar 600 gjeld dette tenestene 1206 (administrasjon helse/velferd), 2321 (svangerskapsomsorg), 2410 (legeteneste). Innafor ansvar 600 utgjer dette ca. 200.000. Under ansvar 620 er det fordelt husleige med 51.000 under teneste 2420 (sosial rådgjeving og rettleiing) 51.000 under teneste 2440 (barne- og ungdomsvern). Her er det heller ikkje budsjettert noko på husleige.

Husleigefordelinga som er gjort utan at det er budsjettert for, ho får uheldige/negative utslag på rekneskapstala. Til saman innanfor ansvar 600 og 620 utgjer dette ca. 300.000 av totalt overforbruk på 495.000 – d.v.s. over 60%. Til resultatet elles kan nemnast at det under teneste 1206 i 2006 har vore store utgifter i høve til etableringa av NAV-kontoret. Samla utgifter i 2006 til kabling for it/tlf., til kjøp av møblar og anna utstyr er på ca. 175.000. Av dette dekte NAV/staten 2/3, medan

Oversikt frå tenesteområda: Helse og velferd

kommunen sin del (1/3) vart på ca. 58.000. For teneste 2410 (legetenesta) kan nemnast at det i løpet av 2006 har vore nytta korttidsvikrar i 3 periodar. Desse kostar ein del ekstra da vi må gje dei garanti om ei minsteløn og i tillegg må vi dekkje reiseutgifter og opphaldsutgifter. Legetenesta har siste året kjøpt inn ein del nytt utstyr (av fåvemidlar). Dette utstyret er ei stor forbetring for pasientane på den måten at dei får prøvesvara med ein gong, medan dei tidlegare måtte vente opp til ei veke på svara. Prøvesetta som blir brukt til desse apparata, kostar ein god del, men det meste blir teke inn att i form av eigenbetaling frå pasienten.

75.000 som var budsjettet for nytt internett-basert legeprogram i 2006, blir overført til 2007 (avsett til disposisjonsfond) for gjennomføring i løpet av året – årsaka er at ein må vente til fiberkabel er lagt frå Skjåk til Lom.

Øyremerka psykiatrimidlar – teneste 2414: Overført 302.000 frå 2006 til 2007 (avsett til bunde fond) – årsaka er at bygging av omsorgsbustader har vorte over 1 år forseinka

og at det såleis ikkje vart behov for tiltenkt bemanning i bustadane i 2006.

Teneste 2345 Støttekontakt/avlastning: Stort overforbruk i 2006 – ca. 150.000 delvis inndeikt av auka overføring frå psykiatrimidlar (frå 50.000 til 100.000). Overforbruket skuldast auka behov for støttekontaktar – både i omfang (tal på timer) og i nye tilfelle.

Teneste 2440 Barne- og ungdomsvern: Kjøp av plass i statleg barne-/ungdomsinstitusjon der kommunen sin del av kostnaden ligg på ca. 25.000 pr. mnd.. Under denne tenesta er det også ført kommunen sine utgifter til NTT-prosjektet i regionen (nettverksterapeutiske tiltak innan barnevernet). Lom sin del av utgiftene ca. 107.000 pr. år.

Teneste 2514 Miljøarbeid: Stor innsparing i høve til budsjett – ca. 126.000. Årsak er at NTT-prosjektet har kome inn og erstatta dette behovet.

Teneste 2810 Økonomisk sosialhjelp: Overforbruk/mindre refundert – i alt ca 100.000. Marginalt overforbruk sosialhjelp på 65.000 + mindre attendebetaling på sosiallån ca. 40.000.

5.6.7 Nøkkeltal for området

Nøkkeltal 31.12. Legeteneste

	2006
Talet på legar	3
Talet på sekretærer	3
Talet på konsultasjonar	5722

Psykiatrisk behandling

Nøkkeltal 31.12.

	2003	2004	2005	2006
Talet på årsverk psykiatrisk sjukepleiar		1,5	1,5	1,5
Talet på brukarar i løpet av året		30	89	83
Talet på brukarar med individuell plan				79

Oversikt frå tenesteområda: Helse og velferd

	Fysioterapi				
	2 002	2 003	2 004	2 005	2 006
Nøkkeltal 31.12.					
Talet på årsverk fysioterapeut	1,8	1,9	1,9	1,9	1,8
Talet på konsultasjonar	1 824	2 357	2 031	1 997	1 754
Aktiviteter			276	181	248
Talet pål pasienter	223	255	254	260	239
Kvinner	64,0 %	61,0 %	61,0 %	60,0 %	58,0 %
Menn	36,0 %	39,0 %	39,0 %	40,0 %	42,0 %
0 - 19 år	16,0 %	14,5 %	17,5 %	14,5 %	13,0 %
20 - 59 år	50,0 %	54,0 %	54,5 %	51,0 %	55,0 %
60 - 79 år	21,0 %	21,0 %	21,5 %	22,5 %	24,0 %
80 + år	12,0 %	10,5 %	6,5 %	12,0 %	8,0 %

	Helsestasjon				
	2 002	2 003	2 004	2 005	2 006
Nøkkeltal 31.12.					
Talet på årsverk helsesyster	1,2	1,4	1,5	1,5	1,5
Talet på sekretærar	100 timer	100 timer	100 timer	100 timer	100 timer
Talet på konsultasjonar		1 184	1 530	1 630	1 822
Talet på vaksinasjonar		470	450	631	611

	Sosial	
	2 005	2 006
Nøkkeltal 31.12.		
Talet på årsverk		
Talet på sosialhjelpstilfeller	65	70
<u>under 18 år</u>	1	0
19-24 år	5	11
25-44 år	19	22
45-66 år	32	31
67 år og over	8	6
<u>Etter stønadstid</u>		
1 mnd	25	18
2 - 3 mnd	13	25
4 - 6 mnd	15	17
7 - 9 mnd	7	5
10 - 11 mnd	1	3
12 mnd	4	2
<u>Etter stønad</u>		
1 - 9999 kr.	32	33
10000 - 49999 kr.	29	32
50000 - 99999 kr.	4	5
100000 - 149999 kr.	0	0
150000 kr. og meir	0	0
Enkeltvedtak		302



Aud Kvamme er leiar
for teneste-området
Institusjonsbasert
omsorg

5.7 Oversikt frå tenesteområdet Institusjonsbasert omsorg

5.7.1 Tenesteområdet sine hovudoppgåver

Lom kommune vart omorganisert frå 01.01.06, pleie og omsorg vart da delt i to tenesteområde. Institusjonsbasert omsorg er sjukeheimen, eller Lom helseheim som det for dei fleste er kjent som. Dette året er det fyrste heile driftsåret etter ombygging og nybygging. Institusjonen har til saman 41 plassar, av dette er 9 plassar skjerma avdeling for personar med demens. Alle rom er einerom med eigne bad. Institusjonsbasert omsorg prøver til kvar tid å gje tilbod til alle som har behov for den helsehjelp vi skal, og har moglegheit til å gje. Det vert gjort vedtak om langtidsplassar, korttidsplassar, rulleringsplassar og avlastningsplassar, avhengig av behov

og faglege vurderingar. Ved dei ulike opphald tilbyr ein sjukepleie, legetilsyn og tannlegetilsyn, utover det er det tverrfagleg samarbeid med bl.a. fysiotapeut, ergoterapeut og psykiatritenesta. Institusjon har aktivitør på full tid som er med pasientane i daglege, sosiale aktivitetar, turar og liknande, samt tek seg av ulike arrangement i samband med t.d. høgtider. Ved institusjon er det eige vaskeri for vask av private klede. Kjøkenet er ein viktig del av institusjonen, riktig kosthald er vesentleg for alle aldersgrupper, men særstakt viktig for menneske med ulike sjukdommar. Kjøkenet lagar også maten som går ut til matombringning.

5.7.2 Tenesteleiars kommentarar til utviklingstrekk

Utviklingstrekk i 2006 heng delvis saman med nokre av dei utfordringane vi får framover. Fleire eldre i kommunen, fleire av desse sokjer om plass ved institusjon for kortare eller lengre periodar. Rulleringsplassar er eit godt hjelpemiddel for å hjelpe flest mogleg. Ein har i 2006 sett større tendensar til at pasientar på sjukehus blir stadig tidlegare utskrivne. Dette har innimellom gjeve store utfordringar både fagleg og personalmessig. Ny organisering av pleie og omsorg krev eit meir bevisst samarbeid mellom tenesteområda. Det er mange felles brukarar av institusjon og heimebasert, det er viktig at ein samarbeider og legg godt til rette for den enkelte pasient. Det er nok godt for både pasientar og personale at byggeprosessen er over. Men nytt bygg gjer at ein treng noko tid på å gå seg til, og til å arbeide inn nye og betre rutinar. Fysisk avstand mellom avdelingane har vore

ei utfordring, men auka personalressursar og betre organisering av personalgruppene løyer dette. Det har mellom anna vorte rydda opp ein del i stillingsstorleikar, samt utarbeidd ny turnus. Utsmykkingsgruppa arbeider framleis med pynting av avdelingane, stort sett med midlar frå gåvenemnda. Gåvenemnda er ein svært viktig bidragsytar til alt frå blomar og pyntegjenstandar til møblar og turar. Det var våren 2006 gjennomført medarbeidarundersøking ved institusjon. Dette som eit resultat av at same type undersøking i 2005 viste at vi låg under landsgjennomsnittet på fleire område. Ein ville gjerne sjå om dette hadde endra seg, noko det så absolutt hadde gjort, frå og liggje under låg ein nå over landsgjennomsnittet i snitt. Det kom dessutan inn fleire svar enn året før. Viser elles til vedlagde målekart, der ein vil fylge ein del utviklingstrekk i åra framover.

5.7.3 Utfordringar framover

Viser her til vedlagde SWOT-analyse, utarbeidd hausten 2006.

Det vert stadig fleire demente, og fleire demente med psykiske symptom. Det blir også fleire yngre med nedsett funksjonsevne, og talet på eldre frå 67-80 år aukar med 48% og eldre over 90 år aukar med 44% fram mot 2020. Dette viser at framtidas brukarar vil bli fleire og er i tillegg nye typar brukarar. Nye typar brukarar har andre behov og problem enn brukarane i dag.

Framtidas eldre har høgare utdanning, er meir ressurssterke, dei er i tillegg i større grad vane

med og forventar og kunne bestemme over eige liv.

Det blir stadig kortare liggetid i sjukehus, noko som fører til at fleire dårlege pasientar blir lagt inn på sjukeheimar for kortare eller lengre periodar.

Eit større spekter av helsemessige problem krev anna fagleg kompetanse og eit meir heilskapleg perspektiv på tenestetilbodet. Rekruttering av kompetanse for å møte framtidige lovpålagte og faglege krav og utfordringar er i seg sjølv ei problemstilling.

Oversikt frå tenesteområda: Institusjonsbasert omsorg

5.7.4 Status og analyse (SWOT)

(Metode for kartlegging av styrke, veike punkt, moglegheiter og trugslar)

Nåtid	Framtid
<p>Sterke</p> <ul style="list-style-type: none"> - Fleksibel teneste: - ikkje overbelegg - har rulleringsplassar - akuttplassar - lita ventetid på plass. - Mange som mottek tenester på institusjon, god utebasert omsorg gjer at vi kan hjelpe fleire. - Stabil arbeidskraft. - Bra resultat på brukar- og medarbeiterundersøkingar. - Sterke på brukermedverknad. 	<p>Moglegheiter (prioritert)</p> <ul style="list-style-type: none"> - Kan legge til rette for utdanning og kompetanseheving. - Individuelt tilpassa tenester. - Myndiggjorte medarbeiderarar. - Auka bemanning i takt med demografiske utfordringar. - Tverrfagleg samarbeid.
<p>Kritiske forbettingsbehov (prioritert)</p> <ul style="list-style-type: none"> - Har ikkje godt nok differensiert tilbod, stort behov for t.d. dagtilbod for demente. - Miljøarbeid. - Treng fleire omsorgsbustader. - Sjukeheimspllassar? - Bruk av ressursar/ spesiellkompetanse på tvers av tenesteområde (t.d. institusjon – heimebasert). 	<p>Spesielle utfordringar (prioritert)</p> <ul style="list-style-type: none"> - Rekruttering av kompetanse for å møte framtidige lovpålagte, faglege krav og utfordringar. - Demente med psykiske symptom - Kortare liggetid i sjukehus, fleire dårlege på sjukeheim. - Nye typar pasientar. - Talet på eldre over 90 år aukar med 44% og eldre 67-80 år aukar med 48% fram mot 2020. - Redusere sjukefråveret.

5.7.5 Rekneskapsoversikt

INSTANSBASERT OMSORG	Regnskap	Buds(end)	Avvik
	2006	2006	
(Tal i heile tusen kroner)			
LØNSUTGIFTER	20 345	19 661	684
KJØP AV VARER OG TENESTER	4 250	3 393	857
KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	339	429	-89
OVERFØRINGAR	836	0	836
SALSINNTEKTER	-4 080	-4 060	-20
REFUSJONAR	-497	-706	209
OVERFØRINGAR	-39	0	-39
FINANSINNTEKTER/TRANSAKSJONAR	-135	0	-135
TOTALT	21 020	18 716	2 304

5.7.6 Kommentarar til avvik

Tenesteområdet samla:

Overforbruk på om lag 2 164 000

Institusjonsplassar:

Overforbruk på til saman kr 648 000. Innsparing på fastløn og pensjon med til saman kr 617 000. Men samtidig er det overforbruk på avtalefesta tillegg som var klart underbudsjettert og ferievikar med til saman kr 739 000. I tillegg er det eit overforbruk på medisinsk forbruksmateriell og medisin på til saman kr 405 000. Her var dei ei uklar fordeling med heimebasert, og i tillegg har utgifter til medisin auka. Refusjon sjukepengar kjem ut med ei minka inntekt på om lag kr 250 000, men vikar med refusjon er det ei innsparing på om lag kr 105 000.

Opphald langtid har det og kome inn om lag kr 100 000 mindre enn etter justert budsjett.

Skjerma avd.:

Overforbruk på til saman kr 454 000. Dette overforbruket kjem i hovudsak frå lønspostane, med største overforbruket på avtalefesta tillegg.

Kjøken:

Overforbruk på til saman kr 269 000.

Noko overforbruk på nokre lønspostar.

Auka utgift til kjøp av mat på om lag kr 260 000, men og auka salsinntekt på om lag kr 100 000. Delar av desse avvika kjem av at Lom helseheim står for kantinedrifta på ungdomsskulen. I tillegg er det nokre postar som reinhaldsutgifter, andre driftsutgifter og utstyr som er overskride.

Institusjon:

Overforbruk på til saman kr 774 000.

Det største overforbruket er utgifter til strøm med kr 530 000. Hovudgrunn til auken er at dette er fyrste året heile bygget er i full drift etter ombygging. Fram til og med november 2005 var store deler av bygget forsynt med byggjestrøm, og dermed hadde ein ikkje godt nok grunnlag for å stipulere strømforbruket. I tillegg er det eit overforbruk i samband med internkjøp vedlikehald bygg på kr 247 000.

5.7.7 Nøkkeltal for området

Nøkkeltal\avdelingar 31.12.	Institusjonsbasert omsorg				
	2002	2003	2004	2005	2006
Talet på årsverk totalt					32,2
Tenestemottakarar:					
Talet på under 67 år	0	0	0	2	1
Talet på mellom 67 år og 80 år	6	8	9	9	11
Talet på 80 år t.o.m. 89 år	20	19	22	17	20
Talet på 90 år og over	10	10	12	12	9
Liggedager institusjon	14329	14215	14922	15998	14755
Beleggsprosent	93,5 %	92,7 %	97,3 %	107,5 %	98,6 %


5.8 Oversikt frå tenesteområdet Heimebasert omsorg

Heimesjukepleie, heimehjelp, avdelingar for funksjonshemma, arbeidssenter, borgarstyrte personlege assistenter, ambulerande vaktmeister, merkantilt personale, omsorgsløn, trygde/omsorgsbustadar, og tryggleiksalarmer.

5.8.1 Tenesteområdet sine hovudoppgåver

Yte heimesjukepleie etter kommunehelsetenesteloven og praktisk hjelp og opplæring etter sosialtenesteloven, slik at heimebuande får dekt sine individuelle behov. Tenesteområdet skal gjennom heilskaplege, tverrfaglege og koordinerte tenester gje

den enkelte pasient/brukar av tenestene eit individuelt tilpassa tilbod utan omsyn til sjukdom, alder, funksjonshemmning eller av andre årsaker. Tenesteområdet femnar om pleie og omsorg, arbeid/aktivitet og butilbod for ulike grupper.



Reidun Øvre Øygard er leiar for tenesteområdet Heimebasert omsorg

5.8.2 Tenesteleiars kommentarar til utviklingstrekk

Vi opplever travle dagar, der den fyrste toppen av eldrebølgja er kome til oss. Stutt liggetid på sjukehus krev vidarebehandling i heimen for våre pasientar. Tendensen er at dette blir meir og meir spesialiserte oppgåver, som krev god kompetanse og ressursar. I tillegg er det store reiseavstandar. Får ein pasientar i kvar sin utkant av kommunen, vil ein ikkje, slik det er i dag, kunne yte nødvendig hjelp med to personar på seinvakt.

Nytt palliativt rom står ferdig og er teke i bruk; dette for å hjelpe pasientar med store smerter til ei verdig avslutning av livet. Dette er eit samarbeidsprosjekt med institusjonsbasert omsorg.

Fleire og fleire tilfelle av kreft syner at behovet for kreftkontaktane aukar. Vi har to sjukepleiarar, som er med i nettverket i

Oppland.

Brannvernarbeid for å trygge eldre i trygde- og omsorgsbustadar. Samarbeid mellom teknisk, heimebasert omsorg og Lom og Skjåk brannvesen har gjeve som resultat direktekopling av brannalarmar til Helseheimen og plan for sprinkling av alle bustadar innan 3 år. Brosjyre om forebyggande brannvern retta mot heimebuande eldre og personar med funksjonssvikt er sendt alle husstandar i kommunen.

Avvikshandtering fungerer godt. Det blir registrert på medisinske avvik og andre avvik. Statistikk frå 2003 fram til og med 2006 syner små variasjonar.

Tverrfaglege sjølvdrivne studiegrupper arbeider på andre året med Eldreomsorgens ABC.

5.8.3 Utfordringar framover

Våre utfordringar harmonerer godt med det sentrale myndighete vektlegg i forhold til personell, demensomsorg og auke i kvaliteten på dokumentasjon.

Skaffe seg nok personale med fagutdanning både på vidaregåande og høgskulenivå. Fram mot år 2020 vil behovet for personell auke sterkt, som følgje av auke i den eldre delen av befolkninga og venta nedgang i folketall generelt. Det blir viktig med god rekruttering, heilskaplege/koordinerte tenester og eit differensiert tenestetilbod. I det totale biletet blir heimebasert omsorg viktig, både fagleg og samfunnsøkonomisk. Skal kvaliteten på tenestene sikrast, er nok og fagutdanna personell eit ledd i dette.

Opprette dagtilbod for heimebuande eldre med demens. Tverrfagleg prosjektgruppe arbeider med dette. Lokala tenkt brukt til dette

er ferdigstilte. Nasjonalt sett er det peikt på behov for å auke kapasiteten og kompetansen innan demensomsorg. For vår del manglar vi aktivitetstilbod for denne gruppa. Det er nært knytt til livskvalitet. Samstundes treng pårørande eit pusterom i kvardagen. Aktiv omsorg er eit sentralt omgrep i framtida. I avdeling for funksjonshemma møter vi på komplekse problemstillingar, som krev rettleiing av spesialisthelsetenestene til heile personalgruppa. Det er mykje dokumentasjon, samordning og oppfølging i desse sakene. Samordne og vektlegge rehabilitering ut frå brukarperspektiv og samfunnsøkonomi. Treng differensiert butilbod med nye omsorgsbustadar og heildøgnbemannning, for å dekke framtidige behov mot 2020. Behov for andre lokale til Arbeidssenteret. Lokala er ikkje godt eigna til det formålet dei blir brukt til.

Oversikt frå tenesteområda: Heimebasert omsorg

5.8.4 Status og analyse (SWOT)

(Metode for kartlegging av styrke, veike punkt, moglegheiter og trugslar)

<u>Nåtid</u>	<u>Framtid</u>
<p>Styrke</p> <p>Stabil arbeidskraft.</p> <p>Positive og ansvarsfulle arbeidstakrar.</p> <p>Vilje til forbetringar/prosjektarbeid.</p> <p>God etikk.</p> <p>Sterke på brukarmedverknad.</p> <p>God score på både brukar- og medarbeidarundersøkingane.</p> <p>Fleire med spesialkompetanse innan sitt fagfelt.</p> <p>Tverrfagleg samarbeid/sjølvdrivne studiegrupper.</p>	<p>Moglegheiter (prioritert)</p> <p>Fleksible tenester (LEON).</p> <p>Individuelt tilpassa tenester.</p> <p>God dekningsgrad.</p> <p>Myndiggjorte medarbeidarar.</p> <p>Kompetanseheving.</p> <p>Fleire tilsette proporsjonalt med demografiske utfordringar.</p> <p>Fokusere på brukar/pårørande -perspektiv for å fremje brukarmedverknad og samarbeid.</p> <p>Interkommunalt samarbeid på ymse område.</p> <p>Krevje spesialistenester levert i bygda (ambulerande).</p> <p>Vurdere tenesteyting og organisering etter generell samfunnsutvikling, økonomi og ny forsking på fagfeltet.</p>
<p>Kritiske forbettingsbehov (prioritert)</p> <p>Dagtilbod for demente og andre manglar</p> <p>Garasje til heimesjukepleia manglar</p> <p>Trivselstiltak: Oppgradering av uteareal rundt trygde – og omsorgsbustadar.</p> <p>Koordinerande eining for habilitering/rehabilitering manglar.</p>	<p>Spesielle utfordringar (prioritert)</p> <p>Redusere sjukfråveret</p> <p>Talet på eldre over 90 år aukar med 44% og talet på eldre 67 – 80 år aukar med 48% fram mot 2020 i fht. 2004 tal. Utfordring å skaffe kvalifisert og nok personell til å imøtekoma behovet for tenester.</p> <p>Lange reiseavstandar i tenesteytinga p.g.a. spreidd busetnad/geografi.</p> <p>Behov for nye tilpassa tilbod innan aktivitet/arbeid for personar med funksjonshemmning.</p> <p>Butilbod med heildøgns omsorg.</p>

5.8.5 Rekneskapsoversikt

H E I M E B A S E R T O M S O R G (Tal i heile tusen kroner)	Regnskap	Buds(ende)	Avvik
	2006	2006	
LØNSUTGIFTER	16 306	15 443	863
KJØP AV VARER OG TENESTER	1 807	2 004	-198
KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	85	69	17
OVERFØRINGAR	251	0	251
FINANSUTGIFTER/TRANSAKSJONAR	20	0	20
SALSINNTEKTER	-1 422	-1 386	-36
REFUSJONAR	-1 875	-1 470	-405
FINANSINNTEKTER/TRANSAKSJONAR	-185	-146	-40
T O T A L T	14 987	14 514	473

5.8.6 Kommentarar til avvik

Det er eit overforbruk på kr. 358 000 som svarar til 2% over justert budsjett. Dette kjem i hovudsak av overforbruk på lønspostar i heimesjukepleia og auke i tenestetilbodet personleg assistanse.

5.8.7 Nøkkeltal for området

Nøkkeltal 31.12.	Heimebasert Omsorg				
	2002	2003	2004	2005	2006
Talet på årsverk totalt	30,2				
Tenestemottakarar:					
Talet på under 67 år	21	21	26	21	17
Talet på 67 år t.o.m. 79 år	51	41	33	38	34
Talet på 80 år t.o.m. 89 år	49	54	62	59	55
Talet på 90 år og over	4	6	6	8	6